




ÅRSMELDING 2019

VANG KOMMUNE



Kommunedirektøren
sitt framlegg



Innhold

1	Føreord	3
2	Årsmelding jf. Kommunelova § 48 og § 10 i rekneskapsforskrifta	4
2.1	Økonomiske nøkkeltal	4
2.1.1	Økonomi - Brutto driftsinntekter i kroner per innbyggar	5
2.1.2	Økonomi - Frie inntekter i kroner per innbyggar	5
2.1.3	Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5
2.1.4	Økonomi - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	6
2.1.5	Økonomi - Langsiktig gjeld ex pensjon i prosent av brutto driftsinntekter	6
2.1.6	Netto driftsutgifter pr innbyggar og tenesteområde	6
2.2	Kommentarar til budsjettavvik	9
2.2.1	Rådmannskontoret inkl politiske organ	9
2.2.2	Opplæring Kultur og Integrering	9
2.2.3	Helse og omsorg	11
2.2.4	Teknisk og landbrukssetaten	12
3	Investeringar	13
4	Interkommunale tenester	15
5	Internkontroll	16
6	Etisk Standard	16
7	Likestilling og likebehandling	16
8	Rådmannskontoret	18
8.1	Næringsutvikling	18
8.2	Personal	19
9	Oppvekst, kultur og integrering	21
9.1	Målsetjingar	21
9.2	Hovudarbeidsområde	21
9.3	Økonomi	21
9.4	Etatskontoret	23
9.5	Fredheim barnehage	23
9.6	Høre barnehage	26
9.7	Vang barne- og ungdomsskule	27
9.8	Kulturskulen	29
9.9	Vang læringscenter og bufellesskapet Gullringen	30
9.10	Vaksenopplæringa etter opplæringslova kap. 4A	31
9.11	Bibliotek	32
9.12	Frivilligentralen	33
9.13	Logopedtenesta	34
9.14	Idrett og friluftsliv	35
9.15	Miljøsaker, motorferdsel i utmark mv	35
9.16	Ungdomsarbeid	35
9.17	Kino	35
9.18	Kulturvern	36
9.19	Arrangement og økonomisk støtte	36
10	Helse- og omsorgsetaten	37
10.1	Helse - og omsorgsetaten omfattar	37

10.2	Overordna kommentarer til økonomien i etaten	37
10.3	Helse- og omsorgssjefen med stab.....	38
10.4	Folkehelse.....	39
10.5	IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester	40
10.5.1	Målsetjingar 2019	40
10.5.2	Hovudarbeidsområde	41
10.5.3	Kompetanse	41
10.5.4	Sjukefråværsutvikling	43
10.5.5	Økonomi –IHT 2019	43
10.5.6	Vangsheimen.....	43
10.5.7	Dagsenteret.....	46
10.5.8	Solgløtt - Dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens.....	47
10.5.9	Omsorgsbustader	47
10.5.10	Heimetenesta	47
10.6	Miljøtenesta	49
10.6.1	Økonomi	50
10.6.2	Skildring av tenestene i 2019	50
10.6.3	Bufellesskapa	50
10.6.4	Lund arbeidsbase	52
10.7	Helseavdelinga	52
10.7.1	Økonomi – helseavdelinga	53
10.7.2	Legekontoret.....	53
10.7.3	Helseteneste for asylsøkjarar	54
10.7.4	Fysioterapi	54
10.7.5	Ergoterapi	55
10.7.6	Psykisk helseteneste	56
10.7.7	Helsestasjon og skulehelseteneste	57
10.7.8	Frisklivssentralen.....	58
11	Landbruk og teknisk	59
11.1	Etaten sine mål.....	59
11.2	Hovudarbeidsområde	59
11.3	Bemanning	59
11.4	Økonomi	60
11.5	Byggesak	61
11.6	Arealplanlegging.....	62
11.7	Frådeling, oppmåling, kartlegging, seksjonering og plassering av bygg.....	63
11.8	Bustadtiltak og vedlikehald	63
11.9	Brann- og feiarvesen	64
11.10	Landbruk	64
11.11	Skogoppsynet	65
11.12	Viltforvaltning	65
11.13	Reindrift	65
11.14	Rovdyr	66
11.15	Kommunale vegar	66
11.16	Vatn og avløp (VA)	66
11.17	Kommuneskogen.....	67
11.18	Planer framover i etaten	67
12	Vedlegg – hovedoversikter	71

1 Føreord

Årsmeldinga for Vang kommune gjer greie for viktige forhold kring kommunen si økonomiske stilling og resultatet av verksemda, og om den økonomiske utviklinga er berekraftig over tid. Vesentlege avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap vert greia ut. Det vert beskrive i kva grad verksemda har nådd sine mål og andre forhold av vesentleg betydning for kommunen. Årsmeldinga gjev vidare ein oversikt over iverksette og planlagde tiltak for å sikre ein høg etisk standard og forsvarleg kontroll i verksemda. Tilstanden når det gjeld likestilling i kommunen vert vist fram, og det skal gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringslova.

Vesentlege avvik mellom utgifter i årsrekneskapen og løyving til føremålet i regulert budsjett, skal det gjerast greie for. Tilsvarande gjeld avvik mellom inntekter i årsrekneskapen og regulert budsjett. Kommunedirektøren skal vurdere tiltak for å betre den økonomiske oppfølginga gjennom året dersom det blir vesentlege avvik frå regulert budsjett (rekneskapsforskrifta § 10).

På grunn av personellutfordringar i Kommunerevisjon IKS blei ikkje årsrekneskapen for 2019 revidert før siste veka i mai. Saman med årsrekneskapen for 2019 vil årsmeldinga bli handsama i hovudutval og råd i starten av juni, og i kommunestyret 18.juni.

I tillegg til denne årsmeldinga ligg det føre eigne årsrapportar for eldrerådet, kontrollutvalet og for interkommunale samarbeid.

2019 har vore eit år prega av store utskiftingar i kommuneleininga. Skifte av stabsjef, kommunalsjef for landbruk og teknisk, og rådmann (no kommunedirektør) har gjort at nokon prosessar og prosjekt naturleg nok ikkje har hatt normal framdrift. Mellom anna gjeld dette effektiviseringsprosjektet med tilhøyrande økonomiske målsetnadurar. Framdrifta på enkelte investeringsprosjekt har heller ikkje vore som forventa, noko som gjer utslag på omsetninga av budsjetterte investeringsmiddel.

2 Årsmelding jf. Kommunelova § 48 og § 10 i rekneskapsforskrifta

Alle kommunar skal utarbeide årsmelding, jamfør kommunelova § 48 nr 5 og §10 i rekneskapsforskrifta. I dette kapitlet blir det framstilt nøkkeltal og kommentarar til budsjettavvik knytt til driftsrekneskapen, investeringsrekneskapen og balansen.

2.1 Økonomiske nøkkeltal

Samanlikninga med andre kommunar og kostragruppe 6 og gjennomsnittet i Opplandskommunane viser at Vang kommune har relativt høge driftsinntekter pr innbyggjar i forhold til samanliknande kommunar. Som me kan sjå her så har me negativt brutto driftsresultat. Vang kommune har take seg råd til å ha eit relativt høgt kostnadsnivå over tid. Ein bør vere oppmerksam på at konsesjonsavgiftene verkar på same måte som eigedomsskatt, og at ei langsiktig trend med mykje høgare utgifter enn inntekter, vil føre til at kostnadsnivået eter opp konsesjonsavgifta, og dermed fører til ein stor ubalanse i økonomien.

Økonomiske resultatet for 2019 viser imidlertid ein positiv trend jfr positivt netto driftsresultat på 9,46 mill kr (4,6%).

	Vang 2018	Vang 2019	Etnedal	Vestre Slidre	Sør- Aurdal	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragruppe 06	Oppland (- 2019)
Økonomi									
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	140 604	147 754	124 522	118 964	115 820	109 501	117 491	142 091	95 252
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-4,1 %	-1,3 %	-4,0 %	3,4 %	4,1 %	1,3 %	1,4 %	-1,5 %	-0,7 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	146 398	149 746	129 514	114 892	111 055	108 057	115 850	144 248	95 906
Frie inntekter i kroner per innbygger	70 976	75 189	81 831	66 400	72 474	62 727	58 972	83 085	57 983
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,2 %	4,6 %	0,1 %	5,3 %	3,5 %	4,0 %	2,4 %	-0,2 %	0,7 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	100 683	106 710	55 981	60 356	95 466	103 790	86 314	98 207	82 226
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	71,6 %	72,2 %	45,0 %	50,7 %	82,4 %	94,8 %	73,5 %	69,1 %	86,3 %

2.1.1 Økonomi - Brutto driftsinntekter i kroner per innbyggjar

2016 2017 2018 2019

Vang	147 442	146 920	144 822	147 754
Etnedal	132 454	127 825	130 920	124 522
Vestre Slidre	118 871	119 702	120 267	118 964
Sør-Aurdal	111 788	111 010	111 942	115 820
Øystre Slidre	99 662	101 105	109 864	109 501
Nord-Aurdal	112 903	115 867	115 732	117 491
Kostragruppe 06	140 761	142 889	145 040	142 091
Oppland (-2019)	93 295	94 663	95 252	95 252

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).

2.1.2 Økonomi - Frie inntekter i kroner per innbyggjar

Som me kan sjå av tabellen nedanfor, er det bare Kostragruppa og Etnedal som har høgare frie inntekter enn Vang. Vang kommune har ein god auke i dei frie inntektene i 2019, med 2,8%.

2016 2017 2018 2019

Vang	72 207	71 931	73 105	75 189
Etnedal	79 776	79 987	81 227	81 831
Vestre Slidre	66 837	65 019	65 292	66 400
Sør-Aurdal	70 402	70 540	70 380	72 474
Øystre Slidre	61 208	62 623	62 328	62 727
Nord-Aurdal	57 286	58 138	57 621	58 972
Kostragruppe 06	78 981	79 802	79 825	83 085
Oppland (-2019)	57 186	57 587	57 476	57 983

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).

2.1.3 Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

2016 2017 2018 2019

Vang	7,6 %	5,1 %	2,2 %	4,6 %
Etnedal	6,6 %	-0,1 %	-3,5 %	0,1 %
Vestre Slidre	3,8 %	6,2 %	7,4 %	5,3 %
Sør-Aurdal	4,7 %	3,5 %	0,7 %	3,5 %
Øystre Slidre	3,6 %	1,8 %	6,6 %	4,0 %
Nord-Aurdal	3,5 %	3,8 %	3,2 %	2,4 %
Kostragruppe 06	3,7 %	3,0 %	3,6 %	-0,2 %

Oppland (-2019)	3,7 %	2,7 %	1,0 %	0,7 %
-----------------	-------	-------	-------	-------

2.1.4 Økonomi - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Vang kommune har vel 10,5 mill på disposisjonsfond som 2019 utgjer 12% av brutto driftsinntekter. Det er innanfor målsettinga i handlingsreglen for økonomistyring i kommunen.

	2016	2017	2018	2019
Vang	9,4 %	11,7 %	11,1 %	12,0 %
Etnedal	32,3 %	30,6 %	26,4 %	25,1 %
Vestre Slidre	3,7 %	9,6 %	14,6 %	19,1 %
Sør-Aurdal	8,5 %	12,2 %	14,0 %	11,1 %
Øystre Slidre	23,8 %	22,5 %	20,9 %	18,1 %
Nord-Aurdal	15,9 %	21,4 %	20,3 %	20,8 %
Kostragruppe 06	8,8 %	10,0 %	12,0 %	12,0 %
Oppland (-2019)	8,0 %	10,1 %	10,8 %	10,2 %

2.1.5 Økonomi - Langsiktig gjeld ex pensjon i prosent av brutto driftsinntekter


Vang kommune har i dei siste åra drive ei ekspansiv utbygging av tilboda i kommunen. Dette kjem tydeleg fram i perioden 2015-18. På grunn av mindre investeringsutgifter i 2019 enn føresett vart det ikkje tatt opp nye lånepotktak i 2019. Brutto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter vart då 80,2% som er nedgang i andel i forhold til 2018 med 5%.

	2016	2017	2018	2019
Vang	77,6 %	83,1 %	85,2 %	80,2 %
Etnedal	61,2 %	67,8 %	72,6 %	73,0 %
Vestre Slidre	67,9 %	62,6 %	63,8 %	63,6 %
Sør-Aurdal	72,9 %	71,9 %	81,6 %	85,5 %
Øystre Slidre	73,9 %	92,9 %	82,4 %	115,2 %
Nord-Aurdal	66,9 %	67,2 %	81,3 %	80,8 %
Kostragruppe 06	79,8 %	79,4 %	84,0 %	90,3 %
Oppland (-2019)	88,0 %	93,1 %	99,5 %	108,9 %

2.1.6 Netto driftsutgifter pr innbyggjar og tenesteområde

Oversikta nedanfor Vang kommune har høgare netto driftsutgifter innan pleie og omsorg og grunnskule enn kostragruppa og nabokommunar pr innbyggjar. Dette viser at Vang kommune har prioritert desse tenestane høgt over tid. Innan pleie og omsorg er nettoutgiftene pr institusjonsplass rimeleg i takt med andre kommunar. Når det blir rekna i forhold til innbyggartal Vang kommune skil seg ut. Dette er grunnlag for nærmare analyse. Oversikta viser at Vang har netto inntekter på det som

er definert som andre områder på grunn av vesentlige konsesjonsavgifter, eigedomsskatt og kraftinntekter.



	Vang	Etnedal	Vestre Slidre	Sør-Aurdal	Øystre Slidre	Nord-Aurdal	Kostragruppe 06
Pleie og omsorg	25 537	20 085	18 695	17 874	19 539	20 208	21 291
Grunnskole	20 012	15 964	15 782	15 077	17 203	15 723	17 859
Barnehage	10 175	10 523	8 408	8 000	10 206	8 645	10 434
Adm, styring og fellesutgifter	6 082	5 835	5 638	5 649	5 163	4 553	7 674
Sosiale tjenester	3 028	4 195	3 836	3 027	3 322	2 853	3 072
Kommunehelse	4 837	4 386	4 823	3 590	2 992	3 260	3 502
Barnevern	1 361	2 696	2 445	3 403	3 454	2 852	2 215
Kultur og idrett	5 240	3 663	2 981	1 735	1 936	2 984	3 296
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1 657	2 785	477	605	269	449	1 334
Andre områder	-12 005	5 368	3 889	4 972	1 568	2 634	4 753
Totalt	65 924	75 499	66 974	63 932	65 652	64 160	75 430

2.2 Kommentarar til budsjettavvik

Generelt er årsrekneskapen for 2019 prega av meirinntekter, god kostnadskontroll og resultat av effektivisering.

Nedanfor følger kommentarar til vesentlege budsjettavvik pr etat.

2.2.1 Rådmannskontoret inkl politiske organ

Rådmannskontoret har i 2019 administrert fellesutgifter som er relatert til etatene i kommunen på tilsaman 4.595.000 kr som er 1.063.000 kr mindre enn budsjett. Desse utgifter er relatert til kommunen sin andel av drift og kjøp av tenester frå IKT Valdres, forsikringar mm. På utgiftssida er det meirutgifter til renter og avdrag i forhold til budsjett på 435.000 kr.

På inntektssida er det 246.000 kr samla meirinntekter frå kraftsektoren form av eigedomsskatt , konsesjonskraft og konsesjonsavgift.

Det er brukt 8.808.000 kr mindre frå næringsfondet enn føresett i budsjettet for 2019.


Rådmannskontoret inkl politiske organ	Regnskap	Budsjett	avvik
Politisk styring	2 457	2 527	-70
Kontroll/revisjon	450	374	76
Administrasjon	7 654	7 619	35
Tenester relatert til etatane	4 595	5 658	-1 063
Næringsutvikling	3 467	3 411	56
Den norske kyrkja	2 784	2 776	8
Renter/utbyte/lån	7 190	6 755	435
Netto resultat rådmannskontoret	28 597	29 120	-523
Kraft	-14 018	-13 772	-246
Skatt og rammetilskott	-127 033	-126 083	-950
Fond	-15 696	-24 504	8 808
Sum inntekter og bruk av fond	-156 747	-164 359	7 612
Sum	-128 150	-135 239	7 089

2.2.2 Opplæring Kultur og Integrering

Opplæring Kultur og Integreringsetaten hadde eit netto mindreforbruk på 2.639.000 kr i forhold til budsjett. Dette skuldast i hovudsak netto meirinntekter på innan Vang læringssenter på 2.010.000 kr knytt til mindreutgifter til introduksjonsstønad og mindre løns-og driftsutgifter generelt i forhold til budsjett .

Det er netto mindreutgifter knytt til VBU på 653.000 kr som er knytt til meirinntekter frå refusjonar frå staten på 835.000 kr


Innan barnehagane er det mindreutgifter i Høre barnehage og meirutgifter relatert til Fredheim barnehage i forhold til budsjett 2019. Det er forskyving knytt til lønsutgifter mellom desse avdelingane i forhold til budsjett.



	Opplæring Kultur og Integrering	Regnskap	Buds(end)	Avvik
200	Skule- og kulturkontoret	4 654	4 636	18
201	Vang læringssenter	-2 109	-99	-2 010
204	Vaksenopplæring	622	647	-24
205	Kultur	3 703	3 775	-72
206	SFO	338	290	48
207	Bufellesskap flyktningar	-899	-1 340	441
208	Vang Frivilligsentral	795	787	9
220	Vang barne- og ungdomsskule	23 603	24 256	-653
250	Høre barnehage (frå 2019)	3 309	4 195	-886
260	Fredheim barnehage (frå 2019)	7 083	6 612	471
290	Vang kulturskule	1 334	1 297	37
Sum etat: 2 Skule og kultur		42 442	45 081	-2 639

2.2.3 Helse og omsorg

Helse –og omsorgsetaten hadde eit netto mindreforbruk på 4.717.000 kr i 2019. Det er mindreforbruk / mindreutgifter på mange avdelingar. Det største avviket i kroner er på Vangsheimen på heile 2.047.000 som fordeler seg med 906.000 i mindre utgifter og 1.141.000 i meirinntekter.




På løn er det vakanse i stillingar Vangsheimen, korttid og heimetester som utgjer største delen + vakanse i etatsjefstillinga og mindreforbruk i miljøtenesta. Vakanse Vangsheimen kjem att som meirforbruk på varer og tenester.

Generelt mindreforbruk på vikarpostar, m.a sjukefråvær (har gått ned). 1,6 mill i meirforbruk på pensjon. På inntektsida er det auka brukarbetaling Vangsheimen, høgare belegg enn budsjettet.

Etat: Helse og omsorg		Regnskap	Buds(end)	avvik
105 NAV		2 880	3 107	-227
108 Barnevern (interkommunalt)		2 192	2 580	-388
300 Helse- og omsorgssjefen		5 572	5 516	56
310 Legekontor		3 691	3 521	170
311 Fysioterapeut		870	843	27
312 Helsetenester mottak		798	1 048	-251
313 Helsesyster		838	896	-58
314 Ergoterapeut		531	523	8
316 Psykiatri		2 236	2 157	79
317 Frisklivssentral		165	259	-94
318 Folkehelse		183	196	-13
320 IHT/Vangsheimen		18 056	20 103	-2 047
321 Korttid- og heimetenester		14 784	15 028	-244
322 Vangsheimen dagsenter		604	548	56
323 Dagaktivitetstilbod heimebuande demente		238	361	-123
330 Miljøtenester		5 148	5 459	-311
331 Bakkehaugen		2 886	3 098	-212
332 Grindatun		4 611	5 511	-900
334 Lund arbeidsbase		706	975	-269
335 Aleris		2 388	2 358	30
Sum etat: 3 Helse og omsorg		69 380	74 097	-4 717

2.2.4 Teknisk og landbruksetaten

Årsrekneskapen for teknisk og landbruk viser netto meirforbruk på 277.000 kr . Det var netto meirforbruk er innan brann, vedlikehald av kommunale bygg og vegvedlikehald. Dei øvrige tenestene har mindreforbruk i forhold til budsjett 2019.



Etat:		Regnskap	Buds(end)	avvik
400	Teknisk sjef	3 472	3 675	-203
401	Vaktmeister/reinhald	293	248	45
402	Vassverk	-1 858	-1 079	-779
403	Kloakkreinseanlegg	-2 681	-2 136	-545
423	Vangstunet	538	544	-6
430	Vedlikehald bygg/anlegg	9 880	8 981	899
440	Feiarvesen;brannførebygging	160	150	10
442	Vang brannstasjon	2 906	2 258	648
450	Landbrukskontoret	2 062	2 249	-187
470	Vegar og gatelys	1 611	1 150	461
Sum etat: 4 Landbruk teknisk		16 297	16 020	277

3 Investeringar

Investeringsrekneskapen for 2019 viser eit finansieringsbehov på 26.949.434 kr .

Investeringane fordeler seg med 15.068.465 kr til VA –anlegg og etablering av bustadfelt og 10.650.707 kr til andre investeringar.

Det er avsett 232.439 kr til bunde investeringsfond i 2019.

Det er mottatt 3.192.000 kr i tilskott og overføringer i 2019 blant anna i samband med etterbetaling av spelemiddel relatert til utbygging av vangshallen.

Dei lånemidlande som var brukt i 2019 var frå ubrukte lånemiddel opplånt tidlegare år.

Tabellen nedanfor viser investeringsrekneskapen spesifisert på prosjekt og finansiering.

Investeringar i 2019		Rekneskap 2019	Buds(end) 2019	Avvik
1. Investeringsutgifter kommunale anlegg eksl VA etc				
110	KLP - eigenkapitalinnskot	619 362	725 000	-105 638
125	Startlån - Husbanken	297 862	500 000	-202 138
128	Kjøp/sal av aksjar og andelar	30 000	-	30 000
250	Digitalisering av arkiv	-	1 460 000	-1 460 000
289	Oppretting av egedomsdatabase	50 600	120 000	-69 400
35	Tiltak ved Kyrkjene i Øye -planlegging	41 461	2 900 000	-2 858 539
275	Øye kyrkje - Servicebygg med slukkevann	1 282 576	8 470 000	-7 187 425
42	Kjøp av bilar	347 000	365 000	-18 000
115	Kjøp av maskinar teknisk	377 376	300 000	77 376
182	Fredheim barnehage - nybygg/påbygg	-3 327	160 000	-163 327
210	VBU - ombygging/nybygg	285 299	295 772	-10 473
241	Garasje - Vangsheimen	372 952	343 380	29 572
251	Tak - VBU	6 792 834	6 300 000	492 834
272	Vedlager - Lund	-	400 000	-400 000
274	Overbygg - Vangstunet	112 034	100 000	12 034
277	Veg og lys - Ryfoss	227 156	-	227 156
283	Ny heis kommunehuset	5 750	2 000 000	-1 994 250
284	Rehabilitering av kommunehuset - Ventilasjon og vindu	35 483	4 700 000	-4 664 518
285	Automatikk på ventilasjon - Vangstunet	544 951	430 000	114 951
286	Vangstunet - ombygging legekontor	229 162	600 000	-370 838
Sum utgifter eksl VA og bustadfelt		10 650 707	27 364 152	-16 713 447
2. Investeringar i VA og tilrettelegging av bustadfelt				
61	Tyinkryset - nytt reinseanlegg	444 957	3 909 122	-3 464 165
65	Grindafjell - infrastruktur/vassforsyning	595 910	-	595 910
100	Vassforsyning Tyinkryset/Filefjell	7 987 450	12 500 000	-4 512 550
144	Kjøp/sal av fast eide dom	2 755 047	2 755 000	47
217	Ryfoss vassverk - driftsovervaking	-	475 000	-475 000
220	Tettstadutvikling Vang sentrum	-	1 100 000	-1 100 000
227	Overføringsledning Fløgstrøndfjorden	-	22 515	-22 515
255	Ryfoss - Kloakk	73 522	297 381	-223 859
256	Ryfoss - Vann	381 507	189 362	192 145
258	Renseanlegg - luktfjerning	151 210	295 112	-143 902
287	Ryfoss bustadfelt	2 574 682	6 000 000	-3 425 318
290	Utbetra vasstilførsel Brannbilar	104 180	100 000	4 180
Sum VA og tilrettelegging for bustadfelt		15 068 465	27 643 492	-12 575 027
Sum utgifter før avsetning til fond		26 716 995	57 812 644	-31 095 649
Avsetning til bunde investeringsfond		232 439	-	232 439
Sum utgifter inkl avsetning til fond		26 949 434	57 812 644	-30 863 210

Investeringar i 2019		Rekneskap 2019	Buds(end) 2019	Avvik
3. Finansiering				
650 Anna avgiftspliktig sal varer/tenester	-116 144	-	-116 144	
670 Sal fast eigedom	-62 080	-	-62 080	
700 Refusjon frå staten	-60 000	-1 694 000	1 634 000	
729 Mva-kompensasjon	-1 917 611	-	-1 917 611	
770 Refusjon frå andre (private)	-630 912	-	-630 912	
830 Overføring frå fylkeskommunar	-3 192 000	-3 000 000	-192 000	
910 Bruk av lån	-11 687 521	-52 393 644	40 706 123	
920 Motteke avdrag på utlån	-540 301	-	-540 301	
930 Bruk av udisponert frå tidlegare år	-3 139 405	-	-3 139 405	
951 Bruk av næringsfond	-639 362	-725 000	85 638	
980 Udekt i investeringsrekneskapen	-4 964 098	-	-4 964 098	
Sum finansiering	-26 949 434	-57 812 644	30 863 210	
avstemming	-	-	-	

4 Interkommunale tenester

Interkommunale tenester eksl tiltak						
Tenester	Selskapsform	Andel Vang	Vert	2019	2018	Endring i %
Skatteoppkreveren for Valdres	§27	9 %	Nord-Aurdal	323 189	300 915	7,4 %
Valdres Gis	§27	9 %	Vang	188 622	185 492	1,7 %
Innkjøp Valdres	§27	9 %	Sør-Aurdal	86 312	81 610	5,8 %
Valdres natur -og kulturpark		9 %	Nord-Aurdal	410 000	405 000	1,2 %
Visit Valdres			Nord-Aurdal	350 000	350 000	0,0 %
Barnevern Vang - V Slidre eksl til	§28	43 %	Vestre Slidre	1 565 103	1 503 162	4,1 %
Felles psykologitenester Ø Valdre	§28	10 %	Vestre Slidre			
Regional kreftkoordinatør	§28	10 %	Vestre Slidre	33 443		
PP teneste	§28	10 %	Nord-Aurdal	671 781	678 853	-1,0 %
VLMS bygg	§28	10 %	Nord-Aurdal	287 600	274 707	4,7 %
Jordmorteneste	§28	10 %	Nord-Aurdal	178 414	96 779	84,4 %
Valdres legevakt	§28	10 %	Nord-Aurdal	1 762 697	1 517 861	16,1 %
VLMS intermed KAD inkl øyeblikke	§28	10 %	Nord-Aurdal	1 887 522	1 769 149	6,7 %
NAV Valdres inkl rusmiddelarbeid	§28	9 %	Nord-Aurdal	1 253 746	1 253 771	0,0 %
Krisesenter i Ringerike	§28		Ringerike	141 381	130 902	8,0 %
Alarmsentral 110	§28		Hamar	85 925	80 408	6,9 %
IKT Valdres IKS	IKS			4 002 003	4 573 991	-12,5 %
Valdres Brann -og Redningstjene	IKS			3 002 550	3 140 079	-4,4 %
Kommunerevisjon IKS	IKS			337 394	274 664	22,8 %
Støttesenter for incest og seksuelle over	IKS			8 005	5 002	60,0 %
Sum				16 575 687	16 622 345	-0,3 %

5 Internkontroll

Kommunelova § 23 nr. 2, 2. setning:

«Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.»

Forsvarleg kontroll av den kommunale verksemda inneber m.a. gode reglement og rutinar, og god oppfølging og etterkontroll av desse. Statlege tilsyn fungerer som korrektiv og gjev tilbakemeldingar om eigenkontrollen er tilstrekkeleg.

Kartlegging av mogleg risiko er viktig for å vurdere kva som er tilstrekkelege tiltak/middel for å oppnå god kontroll. På dette området bidreg også revisjonen med innspel og undersøkingar.

Rutinar som bidreg til kontroll av den administrative verksemda, men særleg viktig er:

- Fast praksis for utarbeiding av budsjett og budsjettkontroll med referanse til styringsdokument. Viktige styringsdokument er til dømes økonomireglement sist vedtatt i kommunestyre i k-sak 44 i møte 24.09.14 og delegasjonsreglement i behandla i k.sak 52 i møte 22.09.2016. Desse reglementa vil bli revidert i 2020.
- Internkontroll for informasjonssikkerheit godkjent av Datatilsynet. Dette er revidert i 2017.
- Internkontrollsysten knytt til ulike særlover og føresegner.
- Det har tidlegare år vore arbeidt med GDPR for å klargjøre organisasjonen for personlovreglane. Vang har gjennomført internkontroll på sine system og nyttar GDPR system som ligg i Kvalitetslosen (Compiro). .

Arbeidet med å etablere god nok kontroll av den kommunale verksemda er sett på dagsordenen som eit prioritert slik dette går fram av økonomiplandokumentet. Internkontroll er jamnleg tema på leiar møter.

6 Etisk Standard

For å bidra til høg etisk standard i Vang kommune legg rådmannen vekt på:

- Følgje signalene som ligg i kommunen sine etiske retningslinjer.
- Følgje opp kommunen sitt arbeidsreglement, spesielt om verdiar og haldningar.
- Vera open for varsling og god ivaretaking av dei som vil varsle etter kommunen sitt reglement, jf. Varslingsreglementet.
- Byggje opp høg integritet både for seg sjølv og andre toppleiarar i kommunen.

7 Likestilling og likebehandling

Likestillingslova § 1:

«Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av kjønn. Likestilling innbærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven tar særlig sikte på å bedre kvinnernas stilling.»

Diskriminerings- og tilgjengelova § 1:

«*Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av funksjonsevne. Likestilling innebærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven skal bidra til nedbygging av samfunnsskapte funksjonshemmende barrierer og hindre at nye skapes.».*

Gjennomførte tidlegare medarbeidarundersøkingar tidlegare år tyder klart på at tilstanden er svært positiv og integrerande både for likestilling og for å hindre diskriminering.

Vang kommune har jamt over nyare bygg som er godt tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne. For byggeprosjekt med oppstart etter september 2016, gjeld imidlertid «Retningsliner for prosjektstyring i Vang kommune», vedteke i sak K-33 i møte 24.06.2016.

Vang kommune har ikkje sett i verk konkrete tiltak for å rekruttere personar ut frå kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Kommunen har heller ikkje særskilde verkemiddel eller planar om å ta i bruk slike for aktivt å fremje eller hindre forskjellsbehandling grunna kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne.

Lønspolitiske retningsliner, vedteke av kommunestyret sist revidert i 2014, omtalar likeløn:
- *Løn skal fastsetjast utan omsyn til kjønn. Det skal vera lik løn for arbeid av lik verdi og likestilling mellom kvinner og menn. Lønspolitikken skal bidra til at dette blir oppnådd.*

Deltid er i all hovudsak knytt til turnusarbeid på kvinnedominerte arbeidsplassar.

Likestilling blir frå tid til anna drøfta i rådmannen si leiargruppe, og i møte med tillitsvalde. Vang kommune har ei stor utfordring i å rekruttere fleire menn til kvinnedominerte yrke innan helse, pleie og omsorg, barnehage og skule.

I kommunen var det 256 tilsette (fast tilsette og vikarar) pr. 31.12.2019; derav 200 kvinner (78 %) og 56 menn (22 %). Tilkallingsvikarar kjem i tillegg til dette antalet.

8 Rådmannskontoret

Målsetjingar

Rådmannskontoret skal arbeide for å gje god service til innbyggjarar og brukarar, nytte ressursane godt, planleggje og handle i tråd lov- og avtaleverk og ift. økonomiske realitetar og politiske vedtak.

Hovudarbeidsområde

Administrasjon, planlegging, personal, rekneskap næringsutvikling og fellesstenester.

Talet på tilsette var 9 personar i 2019. Dette utgjorde 8,0 årsverk.

Informasjon

Vang kommune si heimeside: www.vang.kommune.no som også har link frå heimesida

www.vangivaldres.no

- Overføring av kommunestyremøta i Valdres Radio
- Informasjon i Soknebladet
- Informasjon og tilbod om oppfølging til innflyttarar. Samarbeid med Innovasjon SA
- Møte med Tyin-Filefjell Hytte Forum for felles utveksling av informasjon i tråd med samarbeidsavtale frå 2018.

8.1 Næringsutvikling

Tilskott til næringsutvikling blir gjort i samsvar med gjelda retningsliner for næringsstøtte og for bruk av næringsfondet.

Det er formannskapet som fattar vedtak i desse sakene. Nærare om ordninga ligg på kommunen si heimeside.

For 2019 var det løyvd 3,32 mill. kr i tilskotsmidlar.

Moment i næringsarbeidet

- personleg kontakt
- rask saksbehandling
- god dialog og samhandling med lokal bank
- samarbeid med Valdres Næringshage, Valdres Natur- og Kulturpark, Innovasjon Norge, Oppland fylkeskommune og Visit Valdres.

Samarbeid og kontakt med Innovangsjon SA, og deltaking på deira arrangement. I tråd med føresetnadene ved siste behandling av søknaden deira om tilskot skal selskapet fungere som rådgjevar for kommunen i næringssaker.

Innovangsjon SA rapporterer særskilt kvart halvår til kommunestyret.

8.2 Personal

Avdelinga har overordna ansvar for at personalarbeidet skjer i tråd med lov- og avtaleverk. Saksbehandling, arbeidsgjevarfunksjonar, rettleiing og rådgjeving for etatane og avdelingane er sentrale oppgåver.

Lokale lønsforhandlingar for tilsette i kap.3 og 5 vert gjennomført som vanleg med verknad frå 01.mai.

Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HaVa BHT) er ein viktig samarbeidspartner m.a. ved oppfølging av sjukmelde, og deltek i dialogmøte ved behov. Det blir utarbeidd aktivitets- plan for bedriftshelsetenesta kvart år.

NAV Arbeidslivssenteret er òg ein viktig samarbeidspartnerar.

I desember 2018 gjekk partane i arbeidslivet inn ny IA- avtale. Vang kommune har vore i prosess med å justere seg inn etter den nye avtalen. Handlingsplan for IA er eit godt verktøy i sjukefråværs- arbeidet. Å følgje opp rutinane for sjukefråver og inkluderande arbeidsliv, aktiv senior- politikk og inkludering av arbeidstakarar med redusert funksjonsevne er prioriterte oppgåver.

HMS-opplegg er på plass på alle nivå. Det blir gjennomført vernerundar i samband med HMS i dei aktuelle verneområda. Vi nyttar «Kvalitetslosen» som er eit system for avviksbehandling, ROS-analyse, kvalitetssikring og dokumentarkiv over alle reglement og retningsliner.

Sjukefråvær

I 2019 var sjukefråværet på 6,2 %, ei reduksjon på 0,6% frå året før. Målsettinga om at 95 % av dei tilsette skal vera på arbeid til ei kvar tid er nesten nådd med eit oppmøte på 93,8%.

Sjukefråvær Vang kommune	
2019	6,2%
2018	6,8 %
2017	8,4 %
2016	7,9 %
2015	7,3 %

	2015	2016	2017	2018	2019
Rådmannskontoret	1,2 %	2,4 %	4,6 %	4,1%	4,1
Oppvekst Kultur og Integrering	6,5 %	5,1 %	7,9 %	5,4%	6,4%
Helse og Omsorg	8,7 %	11,8 %	10,1 %	8,4%	7,4%
Teknisk og landbruk	7,1 %	4,2 %	4,7 %	7,1%	2,0%

Korttidsjukefråvær vs. Langtidsfråvær Vang kommune			
	1-16 dagar	>=17dagar	Total %
2019	1,3%	4,9%	6,2%
2018	1,6%	5,2%	6,8%
2017	1,3 %	7,1 %	8,4 %
2016	2,2 %	5,7 %	7,9 %
2015	3,4 %	3,9 %	7,3 %

Generelt synes oversikta ovanfor ein positiv utvikling i samband med sjukefråvær. 7,4% sjukefråvær innan Helse og Omsorg er det lågaste nivået i perioda 2015-2019.

9 Oppvekst, kultur og integrering

Kommunalsjef : Tommy-René Stordal

9.1 Målsetjingar

- Skule og barnehage skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø.
- Skulen skal legge til rette for god kunnskapsformidling i samsvar med overordna nasjonale mål, lover, forskrifter og læreplanar.
- Innafor etaten sine einingar skal ein legge til rette for at dei tilsette trivst og opplever personleg og fagleg utvikling.
- Innanfor kulturområdet skal ein støtte opp om lokale tiltak og arrangement, legge til rette for lokale kulturytringar og stimulere tilnyskaping.
- Arbeide for best mogleg ressursutnytting innanfor tildelte budsjetttrammer.

9.2 Hovudarbeidsområde

Grunnskule med skulefritidsordning, barnehage, kulturskule, frivilligsentral, bibliotek, allment kulturarbeid, kulturvern, barne- og ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett og friluftsliv, natur- og kulturbasert reiseliv, koordinering av kommunalt miljøvernarbeid, motorferdsel i utmark og drift av Vang læringssenter med flyktningsteneste og vaksenopplæring.


Talet på tilsette i 2019 var 118 + 9 ungdommar i sommarhalvåret. Dette utgjorde ca. 80 årsverk.


9.3 Økonomi

Utgiftene til etaten har gått ned med 2.118.271 kr eller 3,3%, inntekta gjekk opp med 1.898.402 kr eller 9,7% frå 2018 til 2019 .

Mot budsjett 2019 er netto driftsutgiftene 2.638.661 lågare enn budsjett . Hovudårsaken til dette er reduksjon av driftsutgifter på Vang læringssenter med heile 2.010.005 kr.

2 Skule og kultur	Rekneskap 2019	Buds(end) 2019	avvik kr	Rekneskap 2018	endring 18/19
10 Løn og sosiale utgifter	52 614 549	53 996 000	-1 381 451	53 364 369	-749 820
11 Varer og tenester i eigen tenesteprod	7 512 458	7 103 500	408 958	8 995 652	-1 483 194
13 Tenester som erstattar eigen teneste	1 412 851	1 445 000	-32 149	1 448 261	-35 410
14 Overføringsutgifter	2 314 224	2 057 565	256 659	2 098 514	215 710
15 Finansutgifter	33 725	26 000	7 725	99 282	-65 557
Sum utgifter	63 887 807	64 628 065	-740 258	66 006 078	-2 118 271
			-		-
16 Salsinntekter	-3 017 642	-3 001 000	-16 642	-3 031 572	13 930
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-9 451 401	-7 842 000	-1 609 401	-8 386 408	-1 064 993
18 Overføringsinntekter (utan krav til r	-8 785 843	-8 688 000	-97 843	-11 882 690	3 096 847
19 Finansinntekter og finansieringstra	-191 082	-16 565	-174 517	-28 834	-162 248
Sum inntekter	-21 445 967	-19 547 565	-1 898 402	-23 329 505	1 883 538
Sum etat: 2 Skule og kultur	42 441 839	45 080 500	-2 638 661	42 676 573	-234 734





9.4 Etatskontoret

På etatskontoret er det kommunalsjef, etatsrådgjevar, barnehagefagleg rådgjevar og kulturfagleg rådgjevar.

Det er faste leiarmøte for dei tilsette på kontoret saman med rektor VBU, inspektør VBU, kulturskulerektor, barnehagestyrarar, biblioteksjef, leiar for frivilligsentralen og leiar for læringssenteret. Dei tillitsvalde deltek etter behov.

Medarbeidarsamtaler blir nytta i alle einingar i organisasjonen.

Innanfor etaten sitt ansvarsområde er det etablert regionale samarbeidsforum for skule, kultur, barnehage, læringssenter, bibliotek, frivilligsentral og kulturskule.

9.5 Fredheim barnehage

Barnehagestyrar: Karin Trøen

Fredheim barnehage er sentrumsbarnehagen med gangavstand til bibliotek, kommunehus, aktivitetsparken og Vang barne- og ungdomsskule.

Fredheim barnehage har to avdelingar. Stor avdeling- Grindagjengen (med plass til 35 barn i alderen 3-6 år). Minste avdeling, Hugagløtten (med plass til 20 barn i alderen 1-3 år). Ved barnehagestart hausten – 19, var det 28 barn (31 etter jul-20) på stor avdeling og 17 barn (20 etter jul-20) på minste avdeling.

I Vang er det naturleg å vera mykje ute i vår vakre natur. På Fredheim er det tre utedagar på stor avdeling, ein dag for kvart årskull. Ein utedag for dei største på minste avdeling. Barnehagen ynskjer at barna skal få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider. Variert fysisk aktivitet har svært mykje å seiia for fysisk helse, psykisk helse, utvikling av motoriske ferdigheiter og kroppskontroll.

Utdanningsdirektoratet (Udir) sin Ståstadanalyse vart gjennomført i Fredheim barnehage hausten 2019, med 15 inviterte og 14 som svara. Tema var tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet. Analysa viser at om ein ser på eit snitt for dei berørte temaa så meiner 89,8% av kolleget at eksisterande praksis er tilfredsstillande. Resten meiner at «praksis bør bli betre», med eitt lite unntak der nokre få peiker på at «praksis må endrast» når det gjeld barna sin kviletid.

Udir sin foreldreundersøking vart gjennomført i 2019 med ein svarprosent på 52%. Foreldreundersøkinga syner etter fleire påminningar låg deltaking. For neste år vil undersøkinga verte lagt til foreldresamtalane. På «Tilfreds totalt» var gjennomsnittscore 4,1 av totalt 5 moglege.

Kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet vart gjennomført i november-19. (1 er lågaste, 10 er høgaste score). Gjennomsnitt-score for alle spørsmål var 8,9. Det er grunnlag for å vera godt nøgde med det psykososiale arbeidsmiljøet i Fredheim barnehage. Med 8,9 i snitt, tyder det på eit grunnleggjande godt miljø. Gjennomsnittet er rundt rekna det same som i fjar. Fredheim barnehage har fått fleire tilsette, der det er større krav til samarbeid og felles grunnleggande verdisyn. Det er difor gledeleg at satsing på eit godt arbeidsmiljø fører fram. Kvar tilsett har til ei kvar tid, ansvar for å halde oppe eit godt miljø.

Fokuset er SMART: Styrke, medverknad, anerkjenning, relasjon, trening.

Helsedirektoratet framhevar SmartOppvekst som døme på nasjonalt folkehelsearbeid, som kan hjelpe til med å gje gode psykososiale miljø.

Smart oppvekst er ikkje ein metode, men eit tankesett, ei anerkjennande grunnhaldning med fokus på ressursar i staden for på problem; på styrker, på sosial kompetanse/trening, medverknad, anerkjenning og gode relasjoner. Det er viktig å sjå dei gode sidene hjå kvarandre, bygge opp dei gode eigenskapane og styrkene hjå kvar einskild.

Visjon i Smart oppvekst er at livet består av både med – og motgang. Dei som taklar motgang best er dei som har god sjølvkjensle, eit optimistisk tankesett og tru og håp for framtida.

Ein metode for å jobbe etter dette, er å bruke bøkene og verktøyet som er gjeve ut av SmartOppvekst, for dei ulike trinna i grunnskulen. Barnehagen og grunnskulen vil bruke verktøyet, bøkene og tilpasse SmartOppvekst til tilhøva i Vang.

Pedagogisk opplegg

Resultatvurdering

- ✓ Fredheim barnehage arbeider for målsetjingane i SmartOppvekst.
- ✓ Det har vorte gjennomført kurs i SmarOppvekst for alle tilsette 3. januar-19.

-
- ✓ Smartdag 08.oktober- 19, vart ein svært vellykke dag for leiarteamet, tilsette og foreldre.
 - ✓ Skulestartarane har eigen klubb på torsdagar. Sjå elles plan for overgang barnehage / skule
 - ✓ Jordar rundt er eit pedagogisk tema som går over eit heilt år i Fredheim barnehage, der barna vert kjende med andre folkeslag og kulturar gjennom film, bøker og forteljingar.
 - ✓ Ønskjedag vert gjennomført kvar fredag, der barna får medverke i å velja stasjonar.
 - ✓ Helse miljø og sikkerheit vert prioritert gjennom ros- analyse og kontrollar, med strenge rutinar for sikkerheit ute og inne. Det vert halde brannøvingar to gonger i året. Vernerundar kvart år. Sjekkrundar -vår og -haust. På våren er teknisk etat med på befaring av uteområdet.

Planar og tiltak framover

- ✓ Ny pedagognorm tredde i kraft 01.08.2018 der det er krav om fleire pedagogar inn i barnehagen. No vert det 1 pedagog pr. 7 barn under 3 år og 1 pedagog pr. 14 barn over 3 år.
- ✓ Fortsette med god fagleg teamrettleiing av styrarane i barnehagen, og oppfylging av ramme- og lovverk.
- ✓ Fortsette arbeidet med implementering av rammeplan.
- ✓ Opprettehalde full barnehagedekning og legge til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø.
- ✓ Fokus på handlingar og haldningar for barn, føresette og tilsette
- ✓ Overgang heim/barnehage- barnehageavdelingar i mellom, og barnehage/skule
- ✓ Styrke samarbeidet med føresette

Økonomi:

Fleire vedtak om spesielle behov i Fredheim barnehage auka utover året 2019. Dette har ført til større utgifter på lønspostane.

Nye tiltak

Sikring av alle utedører med sensorlist som stoppar døra i inn- og uttrafikk. Kostnad vart rekna til omlag 45.000.

9.6 Høre barnehage

Barnehagestyrar: Yvonne Mæland

Høre barnehage ligg lengst sør i Vang kommune, og er den største barnehagen i areal. Barnehagen har i frå august 2019 fungert som ein to-avdelings barnehage, med tilsaman 18 barn mellom 1-6 år. Av desse er det 10 storbarn og 8 småbarn, tilsaman 26 plassar.

Høre barnehage er óg barnehagen som Hero Vang mottakssenter nyttar til sine barn. Det har vore 4 barn fram til nyttår 2019 som har nyttet barnehageplass i Høre barnehage.

Tema for barnehageåret 2019-2020 i Høre barnehage er «Fysisk og psykisk helse, med Smart oppvekst i fokus». Tema har vore i samarbeid med både Fredheim barnehage og Vang barne- og ungdomsskule.

Smart oppvekst står for: Styrke, medverknad, anerkjenning, relasjon og trening. Det grunnleggjande arbeidet skal handle om styrkebasert opplæring, gje barn og unge robuste og i stand til å møte og takle utfordringar i eit komplekst samfunn i stadig endring. Det skal førebu dei på livsmeistring, som er eit nytt tema i den komande læreplanen med tidleg og varig innsats knytt opp mot rammeplanen for barnehagane. Det er ei anerkjennande grunnhaldning med fokus på ressursar i staden for på problem; på styrkar, på sosial kompetanse/trening, medverknad, anerkjenning og på gode relasjoner. Det er viktig å sjå dei gode sidane hjå kvarandre, og byggje opp dei gode eigenskapane og styrkane hjå kvar einskild. Ta kvarandre i å gjera noko bra, er eit spanande prosjekt. Tankesettet støttar det å lyfte eigenskapar me vil ha meir av.

I november 2019 starta ein av pedagogane i Høre på SMART-trenarutdanning. Pedagogen er ferdig med studiet i oktober 2020, saman med ein lærar på VBU og ein pedagog ved Fredheim barnehage.

Høre barnehage er i gang med å lage «Draumebarnehagen». Felles eigenskapar, som er viktig for god trivsel på arbeid, er humor, respekt, samarbeid, omsorg og læringsglede. Det gode samhaldet i barnehagen, det gode samarbeidet med foreldre, barn og kollegaer visast i svara i brukarundersøkingane barnehagen har hatt i 2019.

Foreldreundersøkinga gjennom Udir.no vart gjennomført i november 2019. 94,44 % av dei føresette svara på foreldreundersøkinga, noko som er den høgaste svarprosenten i Høre barnehage dei siste 5 åra.

Den totale scoren i Høre barnehage er på 4,8 poeng, der 5 er høgast. Denne scoren er over både lands- og fylkesgjennomsnittet.

Kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet vart gjennomført i november. Barnehagen har eit godt snitt og totalt er snittet på alle spørsmål 8,9 av totalt 10 moglege. (1 er lågaste, 10 er

høgaste score). Det gode resultatet syner at dei tilsette er godt nøgde og trivst med sitt arbeid i barnehagen.

Høre barnehage har eit godt team som arbeidar godt i lag. Stor trivsel, læringsglede, spontanitet, humor, respekt, omsorg og samarbeid er viktige faktorar, som nevnt tidlegare. Alle medverker til eigen kvardag og vert sett, hørt, satt pris på og satt krav til.

Ståstadsanalysen vart gjennomført november 2019, og ei ny ståstadsanalyse skal gjennomførast våren 2020.

Barnehagane sitt uttalte mål når det gjeld analysen, er å ligge på jamt over 80 % og dermed vere i kategorien «grøn», noko som vil sei at praksis er tilfredsstillande. Høre barnehage ligg over 80%, og har ein tilfredsstillande praksis, men det vil ikkje sei at ein skal «kvile på lauvbæra», men halde fram med all god jobbing i barnehagen.

Barnehagane i Vang har ein felles visjon: «Vi løftar barna fram». Denne visjonen seier at alle vaksne i barnehagen skal sjå kvart barn, høyre kvart barn, la kvart barn få utvikle seg sjølv, men med støtte og hjelp av engasjerte og motiverande vaksne.

Barnehagen er fyste ledd i utdanninga. Der legg ein til rette for utvikling og positive utfordringar. Dei vaksne har som mål å skapa magiske augneblink saman med barna. Fokuset er å vera anerkjennande, vise glede, ha humor og vera ansvarsbevisste.

Planar og tiltak framover

- ✓ Utdanne Smart-trenar
- ✓ Utviklingsarbeid igjennom HINN og Smart-oppvekst
- ✓ Fortsette med god fagleg teamrettleiing
- ✓ Fokus på handlingar og holdningar for barn, føresette og tilsette
- ✓ Overgang heim/barnehage- barnehageavdelingar i mellom, og barnehage/skule

9.7 Vang barne- og ungdomsskule

Rektor: Tor Nordaas

Vang barne- og ungdomsskule er den største arbeidsplassen i etaten. Skulen har i 2019 hatt om lag 200 elevar og 49 tilsette.

Ved Vang barne- og ungdomsskule vert det jobba i høve til følgjande overordna mål: *Vi ynskjer å vere ein skule med eit inkluderande miljø, der elevar opplever meistringskjensle og læringsglede. Vi ynskjer å utvikle robuste elevar som er i stand til å takle både medgang og motgang.*

VBU ynskjer også å vere ein skule der tilsette trivst, og opplever personleg utvikling, gjennom godt samarbeid i eit fagmiljø som baserer arbeidet på kunnskap.

I 2019 har satsingsområda til skulen vore «SMART oppvekst» i samarbeid med andre avdelingar i etaten. Alle klassane på VBU arbeider med SMART tankesettet, integrert med arbeid i skulefaga. SMART har vore eit prioritert område i fellestida til lærarane. Tida har

vore brukt til erfaringsdeling og øving på praktiske aktivitetar. Skulen har utpeikt ein ressurslærar, som no gjennomfører SMART trenarutdanning i regi av SMART senteret i Tønsberg.

Totalbudsjettet for VBU var i 2019 på kr. 24.256.000,-. Målet har vore å gje eit best mogeleg tilbod til elevane innanfor budsjettet. Den klart største delen av budsjettet er lønsmidlar. Kompetente og dyktige lærarar og assistentar er kanskje den viktigaste enkeltfaktoren for eit godt skuletilbod. Skulen fekk i 2019 tilsett fleire svært dyktige lærarar, som utfyller personalet på ein veldig god måte. Når det gjeld innkjøp av materiell og læremidlar er det viktig at ein har oppdaterte læringsmidlar og utstyr og gjer fornuftige prioriteringar. Bygningsmassen held etter renoveringa god standard. Godt reinhald og god teknisk drift er viktig for å ta vare på det fine skulebygget.

Resultatvurdering:

Skulen har i 2019 vore i ein svært krevjande situasjon med utgangspunkt i flyktingesituasjonen i Noreg. Mottakssenteret i Vang er eitt av få asylmottak som er att i landet. Dette har ført til langt fleire fleirspråklege elevar, og mindre stabilitet i elevmassen enn tidlegare. Ein stor del av lærarressursane har gått til opplæring og oppfølging av desse elvane, som i hovudsak går i dei ordinære klassene.

Etter gode resultat på nasjonale prøver i 5. klasse i 2018 er resultata i 2019 meir på nivå med føregåande år. Likevel noko betre enn dei svakaste åra. I engelsk har klassen fått 45 skalapoeng. I lesing 45 skalapoeng, mens i rekning 46 skalapoeng. Resultatet for landet er 50 skalapoeng.

På 8. trinn oppnådde gruppa 46 skalapoeng i engelsk, 48 i lesing og 44 i rekning.. 9. trinn oppnådde 52 skalapoeng i lesing og 47 skalapoeng i rekning. 9. klasse-kullet har hatt same utvikling sidan dei gjekk i 8. klasse, og ligg framleis under landsgjennomsnittet.

Avgangskullet i 2019 oppnådde i gjennomsnitt 42,3 grunnskulepoeng, mot 41,9 for nasjonen. Avgangskullet oppnår altså betre resultat, samla sett, etter 10-års skulegang enn landet elles. Det er gledeleg!

Med relativt små elevkull som det er i Vang så vil læringsresultata svinge noko frå år til år. Det hadde likevel vore ønskeleg med betre resultat på nasjonale prøver.

Elevundersøkinga skuleåret 2018-2019 viser svært gode resultat for 10. klasse. Elevane har svært god trivsel og motivasjon. Dei omtalar læringsmiljøet som svært godt. Som nemnt hadde kullet også gode faglege resultat. For 7. klasse er resultata i elevundersøkinga meir gjennomsnittlege. Skulen arbeider godt med førebyggjande arbeid for elevmiljø, tufta på SMART oppvekst. Elevane opplever å ha god medverknad. Vi har låg terskel for å gripe tak i, og følgje opp dei tilfella vi har av mobbing og mistrivsel.

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr. 652.827,- Årsoppgjeret viser at 97,3% av totalbudsjettet er nyttat.

Utfordringar framover:

Frå skulestart 2020 skal det innførast nye læreplanar i alle fag. Unntaket er 10. klasse som skal fullføre skuleløpet sitt under noverande læreplan. Det lokale førebuande arbeidet for å

kunne ta i bruk dei nye planane er kollegiet godt i gang med, og i løpet av våren vil skulen vera klare til å starte opp med nye læreplanar, og dette vil vere eit prioritert arbeid som krev mykje tid framover. Dei nye planane vil utfordre når det gjeld måten å organisere læringspå, og dei vil krevje eit langt støre samarbeid mellom faglærarar i ulike fag. Folkehelse og livsmeistring blir eitt av fleire kjernelement i den nye læreplanen. Skulen har eit godt verkty i «SMART oppvekst» for å arbeide med dette området.

Skulen har fått tilført investeringsmidlar for å skaffe utstyr til koding og programmering. Det er så langt kjøpt inn 3 klassesett frå Lego Education, som er teke i bruk. Det skal også investerast i 3D-skrivar og programvare.

Teknologiutviklinga går raskt og fleire av dei interaktive tavlene er modne for utskifting. Det er difor behov for å lage ein plan for å skifte desse ut til interaktive skjermar.

9.8 Kulturskulen

Rektor: Oddbjørn Skeie

Det var 95 elevplassar i kulturskulen i 2019. Desse elevplassane er fordelt på 75 elevar i grunnskulen, som er 48 % av elevtalet i grunnskulen (198). Norsk kulturskuleråd sin målsetting er 30%, så her er Vang kulturskule over.

Det er framleis «Korps i skulen», og i år er det Odd Arne Erlandsen som er lærar frå kulturskulen. Dette er eit samarbeid mellom korps, grunnskule og kulturskule i Vang. Aud Kolltveit er grunnskulen sin lærar.

Monica Søndrol har vore showdancelærar fram til våren 2019, ho sluttar no for å starte i anna arbeid. Takk for innsatsen. Ny lærar er Laila Opstad, som vi kjøper frå Øystre Slidre kulturskule.

Anders Daae Mæland har denne hausten vore i Vang kulturskule som gitarlærar.

Vang kulturskule hadde i 2019 ein vellukka juleforstilling i Vangshallen, der Vidar Wangensteen og Jan Egil Jægersborg var gode medhjelparar med lyden.

Ellevje kvinner og ti menn arbeidar i Vang kulturskule, og alle har deltidsstilling. Dei fleste har små stillingar.

Elevar i grunnskulealder 75 Over grunnskulealder 3 Total 78

Årsverk: Elevretta arbeid 165% Korps/kor/Vangsheimen 67% Rektor 40%

Fag:	Hardingfele	3	Song	7	Gitar	13
	Cello	2	Munnharpe	1	Piano	10
	Violin	1	Kornett/blås	1	Slagverk	5
	Langeleik	2	Showdance	23	Rockeverkstad	6
	Kunst/teikning	6	Barnekor	9		

Kompetanseutvikling: Vang kommunestyre har vedteke at vi skal bruke Rammeplanen for kulturskulen «Mangfold og utvikling», og difor blir implementering av denne viktig no framover. Dette vil vere med å kvalitetssikre undervisninga i kulturskulen og dermed og føre med seg kompetanseutvikling.

Foreldresamarbeid: Vang kulturskule har eit Samarbeidsutval som møtast ein gong i året. Her blir linene for kulturskulen lagt. Dei er med og evaluerer neste skuleår sin aktivitet, samt at dei evaluerer årsmelding for førre skuleår. Det er Vang kulturskule sitt mål at foreldre aktivt skal inkluderast i kommunikasjonen rundt undervisninga til eleven. Dette gjeld spesielt kommunikasjon rundt konserter. Det er og ønskeleg å inkludere foreldre til opprydding etter konserter, eller i anna samarbeid ut mot foreldre som er naudsynt.

Arrangement: Sommarkonserten var ute på VBU sin barneskuleside, medan julekonserten var i Vangshallen. Elles er og kulturskulen med på andre mindre tilstellingar, og set dermed farge på mange miljø i Vang.

Planar framover: Våren 2019 var det meininga at kulturskulane i Valdres skulle ha ein felles prosjektdag laurdag 15.juni i Etnedal. Det er no bestemt at ein vidarefører denne ideen med eit mindre opplegg med tre instrumentgrupper, som blir i september 2020 i Etnedal. Meininga er at prosjektet skulle rullere rundt om i alle kommunane i Valdres.

Vang kulturskule sitt mål er å vera ein inkluderande og trygg arena for all type kultur, og samtidig utvikle meistring ved å utøve eit kreativt fag som for eks piano eller showdance.

Vang kulturskule ønsker i framtida å oppretthalde og vidareutvikle sitt kulturskuletilbod.

Vang kulturskule ønsker å vere eit lokalt ressurssenter for kulturell utfalding i lokallivet, det gjeld for eksempel dirigenttenester til kor, korps og eit godt samarbeid med barnehage og grunnskule.

9.9 Vang læringscenter og bufellesskapet Gullringen

Leiar: Erik Martinsen

Læringscenteret har ansvar for vaksenopplæring innan norsk og samfunnskunnskap, samt «norsk kultur og norske verdier», for i all hovudsak asylsøkarar frå Vang mottakssenter. Asylsøkarane har desse tilboda: Asylnorsk inntil 175 timer medan dei ventar på behandling av saka si, og rett og plikt til 600 timer norsk og samfunnsfag når dei får opphold i Noreg og ventar på å få tildelt kommune. Dei som har uavklarte søknader har rett og plikt til å delta på 50 timer med «norsk kultur og norske verdier». Samstundes har læringscenteret tilbydd arbeidsinnvandrarar å delta på skulen så lenge det passar for dei med skule på dagtid. Dei ser på dette som ei god løysing, då arbeidsinnvandrarar kan delta på ulike nivå. Læringscenteret tilbyr i tillegg arbeidsinnvandrarar å delta på eksamen gratis.

Læringscenteret har ansvar for busetjing etter politisk vedtak, og skal i tillegg organisera introduksjonsprogram for busette flyktningar. Vang kommune fekk ingen nye busettingar i

2019. Introduksjonsprogrammet går ut på kartlegging, oppfølging og målretta rettleiing mot utdanning eller arbeid. Introduksjonsprogrammet inneholder 37,5 veketimer, fordelt på norsk, arbeidslivskunnskap, samfunnskunnskap og språkpraksis og heimearbeid i den digitale læringsportalen «Min vei».

I 2019 fullførte 3 elevar grunnskuleundervisning på Læringssenteret.

Tal på tilsette er 4 lærarar, i frå 20 til 70 prosent stilling. Dei sit på god og brei kompetanse innanfor fagfeltet.

Vang læringssenter har mange gode samarbeidspartnarar med seg i det daglege arbeidet. Det er mykje spanande som skjer på tvers av kommunale sektorar, med samarbeid med blant anna karrieresenteret, barnehagane og frivilligsentral. To av lærarane har vore på tredagarskurs om andrespråkinnlæring organisert av Høgskulen i Innlandet. Vi har også vore på dei årlege planleggingsdagane i august i regi av fylkesmannen i Innlandet.

Framover vil senteret fortsette å prioritere god norskundervisning og eit triveleg, positivt senter kor alle har gode moglegheiter til å lære norsk og ta eksamen. Læringssenteret tilbyr alle eksamenar som er tilgjengeleg frå Kompetanse Norge 4 gonger i året, mars, mai, september og november. Det er skriftleg prøve, lytteprøve, leseprøve og munnleg prøve.

Gullringen bufellesskap

I 2019 har ungdommane fra Gullringen pendla mellom hyblar i Leira og Drammen, der dei går 1. og 2. år på vidaregåande skule. Nokre har valt yrkesveg, medan andre satsar på idrett eller studiespesialisering. Dei er no 18 og 19 år. Dei er idrettsleg aktive og kan vise til gode resultat på skulen.

Ungdommane er ofte heime på Gullringen i helgar og feriar, då går det i avslapping, trening og sosialisering. Gjennom sommarferien kan dei vise til ein heil rekke med ulike sommarjobbar, som dei alle har fylgd godt opp. Frå hausten 2019 har det vore 5 tilsette på kveldstid og helg, samt ein borettleiar i 60 prosent stilling og leiar, som har fylgd opp den daglege drifta.

9.10 Vaksenopplæringa etter opplæringslova kap. 4A

Vaksenopplæringa tilbyr opplæring til vaksne etter opplæringslova kap. 4A (grunnskule og spesialundervisning). Undervisning flytta inn i «nye» lokaler i 2014, då dei tok over lokale til psykisk helse. Lokala er i aktivitetsbygget ved Lund arbeidsbase.

Det er individuelle planar for kvar elev, og det er eit tett samarbeid med Lund arbeidsbase, bustad og verger. Instansar som habiliteringsteneste, PPT og hjelpemiddelsentral blir brukt etter behov. Dette året har alle elevane fått symjetid på VBU, både i stort basseng og i terapibasseng. Gymsal er og i bruk av enkelte. Fast timeplan og fast struktur har hatt god effekt for elevane.

9.11 Bibliotek

Biblioteksjef: Åsta Brenna

Lov om folkebibliotek har følgjande formål: «Folkebibliotekene skal ha til oppgåve å fremme opplysning, utdanning og annan kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre mediar gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.»

Vang folkebibliotek har hatt eit aktivt og relativt godt besøkt år. Besøket var på omlag 23000. Ein nedgang på 21 % frå året før. Dette kan ha samanheng med nedgang i besøk av barn, som året før var særskilt høgt og som skapte mykje uro på biblioteket.

Utlån av litteratur for barn auka med 35 %. Utlånet av vaksenlitteratur har auka 20 %.

Lydbøker på CD-plater har gått noko ned, det same har filmutlånet. Det er no etablert strømmeteneste for film, lydbøker og utlån av e-bøker .

Målet er at biblioteket skal vere ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod for alle som bur i bygda. Biblioteket har formidla mange ulike kulturelle uttrykk; litteratur, utstillingar, teater, musikk og film. Det har vore «sosial klubb» for vaksne, norsktid og kurs for både vaksne og barn.

Biblioteket oppretta «Bok i butikk» hjå Joker på Filefjell. Ei utlånshylla med bøker frå biblioteket med utlån basert på tillit. Hylla vert og brukt til bytte av private bøker.

Dighjelp eller datahjelp på biblioteket vart utsatt eit år. Det er no satt i gang eigenopplæring av tilsette og kartlegging av behov for datahjelp i kommunen.

Biblioteket har samarbeidd godt med Frivilligsentralen om ulike tiltak og arrangement. Særskilt viktig har tilbod til barn i feriar vore.

Det har vore eit godt samarbeid med Skulebiblioteket om «Sommarles», ein lesekampanje for barn. Vang kom på førsteplass i Oppland.

Historisk bilesamling: Alle biletene frå den første innsamlinga av lokalhistoriske bilete er no registrert. No er det sett i gang arbeid med biletene som vart samla inn i høve utgjevinga av «Vangsalbumet».

Planar framover:

Målet er å få laga ein bibliotekplan i løpet av året, utvikle nye nettsider og få satt i stand og tatt i bruk eit leserom i kjellaren på Vangstunet. Biblioteket satsar og på å vere i gang med Datahjelp i organisert form til hausten.

9.12 Frivilligsentralen

Leiar: Marte Tangen

Frivilligsentralen har eige styre, og Ragni Havro Almenning har vore styreleiar i 2019. Vi har hatt 3 styremøter gjennom året, samt årsmøte 6.3.19.

Hovudmålet til frivilligsentralen er å vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang, gjennom visjonen møte mellom menneske.

Delmål og korleis desse har vore løyst i 2019:

Delmål 1: Vere ein sosial møteplass på tvers av alder, bakgrunn og interesser

Sentralen har ope 3 dagar i veka, og mange bruker lokala til å studere, låne datamaskinar, spele spel osv.

Saman med biblioteket og andre har frivilligsentralen arrangert 25 enkeltarrangement i 2019, som foredrag, fleirkulturelle festar, kurs mm. Til saman deltok om lag 1630 på desse arrangementa, + om lag 790 på våre faste aktivitetar.

På 'sitte-arrangement' med over 100 frammøtte er det framleis utfordrande å ha plass til alle. Det vore hensiktsmessig å gjere noko med deleveggen mellom galleriet og lokalavdelinga.

Delmål 2: Vere ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen

Mangfaldsprosjektet på Vinjerock held fram. 6 flyktningar og 8 ungdommar var frivillige på festivalen i 2019.

Frivilligsentralen var med på å arrangere eindagsfestivalen #VÅRTNABOLAG for 4. gong.

6 lag deltok på fotballturneringa på Tveit, som Vang frivilligsentral arrangerte i samarbeid med FK Vang og mottakssenteret for 5. gong.

Fleire av arrangementa våre er i samarbeid med frivillige lag. I tillegg hjelper sentralen til med marknadsføring på ei rekke andre arrangement.

Delmål 3: Auke det eksisterande tilbodet der det er behov

I 2019 løyste vi 12 enkeltoppdrag, mellom anna språktrening og hagearbeid.

Både lekseklubben og middagsservering på Utsikten har gått stabilt heile året, med til saman 15 frivillige. På lekseklubben har det deltatt i snitt 5 ungar pr veke.

7 frivillige har øvingskørt til saman 55 gonger med 9 ulike elevar i 2019, 2 av desse elevane har tatt lappen.

Sentralen har tatt imot og pakka inn mengder med julegåver som tidlegare år.

Vi har i 2019 jobba vidare med å utgreie ein utstyrssentral i Vang. Vi har søkt og fått 100.000 frå Sparebankstiftelsen DNB, og utarbeidd sak som skal opp i kommunestyret i 2020.

Saman med biblioteket har vi planlagt arbeidet med Digihjelp, og satt i gang eit program for å utdanne oss sjølv til å bil gode rettleiarar for publikum som ønskjer hjelp med digitale problem.

I samarbeid med dei andre sentralane i Valdres arrangerte vi for 1. gong felles julafoten-feiring på Fagernes. 26 gjestar og 22 frivillige frå heile dalen deltok, 7 av desse frå Vang.

Delmål 4: Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda

Frivilligcentralen har eiga nettside, og facebookside med 857 følgjarar pr 31.12.19. Vi publiserte 114 innlegg i 2019. Sentralen og biblioteket har også hatt pressemelding og annonse på trykk i avis Valdres ved dei aller fleste arrangementa, samt ei heilside i alle utgåvene av menighetsbladet.

Dagleg leiar opplever det utfordrande å kome seg nok ut og møte folk 'der dei er'.

Frivillige: 60 frivillige har utført om lag 710 timer med frivillig arbeid for sentralen dette året. Av desse er ca 36 % kvinner og 64 % menn. 33 % er bebuarar på mottaket. 20 % er pensjonistar.

Økonomi: Kommunen fekk dette året 414.000,- frå staten for å ha frivilligcentral. Samla driftsregnskap: 794.576,-

Regionalt arbeid: Som nettverksleiar for Vest-Oppland nettverksgruppe har dagleg leiar koordinert fire nettverksmøter, samt hatt ansvar for oppfølging av nye daglege leiarar i nettverket. Ho har også arbeidd mykje med eit regionalt opprop til regjeringa, for å endre vedtaket som er gjort om at finansieringa frå 2021 skal gå som frie midlar, ut frå innbyggjartal.

Planar og tiltak framover

Utanom ordinær drift blir det å få på plass ein utstyrssentral hovudprosjektet i 2020. I tillegg har vi fått 100.000,- frå Gjensidigestiftelsen til 'mestring og læring', så programma i 2020 vil by på ei rekke kurs og verkstader.

Utfyllande handlingsplan og årsmelding er publisert på www.vang.frivilligcentral.no

9.13 Logopedtenesta

Logoped: Solveig Heimlid

Vang har ein 20% stilling som kommunelogoped. Stillinga består i logopediske oppgåver for oppveksteininga. Mål for arbeidet er å hjelpe barn og unge i barnehage- og grunnskulealder med ulike utfordringar. Døme på dette er uttale- og artikulasjonsvanskars, fonologiske- eller utviklingsmessige språkvanskars, taleflytvanskars, lese- og skrivevanskars, matematikkvanskars der ein kan sjå at det er språkvanskars som ligg til grunn, ulike diagnosar der språkvanskars er ein del av tematikken, og fleirspråklegheit der språkvanskane er med på å hemma språkutviklinga. Totalt har logopeden i 2019 jobba med 14 barn.

Logopeden i Vang har eit tett samarbeid med andre aktørar kring barnehagebarna og elevane. Logopedtenesta har kontorplass på Vang barne- og ungdomsskule. Logoped har i 2019 ikkje vore på kurs, men logopedsamling er planlagt våren 2020. Logopedkontoret har kjøpt inn den nye utgåva av Reynell-testen i 2019. Det faglege samarbeidet med pedagogar og assistenter har fungert godt.

Kommunalsjefen er særskilt nøgd med det gode og systematiske arbeidet som er utført av kommunelogopeden.

9.14 Idrett og friluftsliv

Også i 2019 har ungdom vore i arbeid med vedlikehald, rydding og merking av turstignettet, som utgjer 60 turar på til saman ca. 300 km, alle omtala i turhandboka for Vang som også finst i digitalisert utgåve. I 2019 har det også vore brukt ressursar på vedlikehald av Kongevegen frå Kvam til Filefjell. Elles er det m.a. gjeve tilskot til idrettslaga via Vang idrettsråd.

9.15 Miljøsaker, motorferdsel i utmark mv

I 2019 vart det behandla 41 søknadar om dispensasjon frå forbodet om motorferdsel i utmark, av desse 35 om bruk av snøscooter og 6 gjeldande bruk av helikopter.

9.16 Ungdomsarbeid

I 2019 har etaten m.a. gjennomført/støtta opp om følgjande tiltak for ungdom: ungdomsrådet, ungdomsklubben, UKM, aktivitetstur til Lillehammer og støtte til div. mindre tiltak og arrangement.

Det er vanskeleg å skilje ut tiltak for ungdom frå dei mange aktivitetane som får støtte over kulturbudsjettet. Tiltak for ungdom blir høgt prioritert, og det beste er at ungdommen sjølv viser initiativ og har framlegg som etaten kan støtte økonomisk og/eller med anna hjelp. Ungdomsrådet har ein eigen pott i budsjettet, p.t. 30.000,- til disposisjon.

9.17 Kino

Det har vore 5-6 fine kinokveldar pr. halvår med visning av ein barnefilm og ein voksenfilm kvar gong i auditoriet med Bygdekinoen i 2019. Den lokale dugnadsgrupa skal ha ros for at dei stiller opp for eit kinotilbod i Vang.

9.18 Kulturvern

Vang kommune gjev årlege tilskot til Valdres folkemuseum og folkemusikkarkivet, og eig og står for drift og vedlikehald av Liabø støls- og utmarksmuseum. Her er det undervisnings- opplegg med formidling av kunnskap om støling og bruk av utmarka. Kommunen har også ansvar for vedlikehald av Vinjebue og Leinekvernene.

9.19 Arrangement og økonomisk støtte

Oppvekst, kultur- og integreringsetaten har vore hovud-/medarrangør for m.a.: UKM, klubbkveldar, utstillingar, konserter og div. arrangement i biblioteket.

Vang kommune brukar årleg over 1 mill. kr av kulturbudsjettet i økonomisk støtte.

10 Helse- og omsorgsetaten

Helse- og omsorgssjef: Guro Råheim Kvam



10.1 Helse - og omsorgsetaten omfattar

Helsetenester, pleie- og omsorgstenester, folkehelse og friskliv, NAV og barnevern.

10.2 Overordna kommentarer til økonomien i etaten

Netto driftsutgifter i etaten samla utgjorde i 2019 69.380.102 kr som er 2.281.278 kr mindre enn 2018 og 4.716.898 kr mindre enn budsjettet for 2019.

3 Helse og omsorg	Rekneskap	Buds(end)	avvik	Rekneskap	endring
	2019	2019	kr	2018	18/19
10 Løn og sosiale utgifter	65 088 564	67 041 000	-1 952 436	67 452 903	-2 364 339
11 Varer og tenester i eigen teneste	8 920 727	8 082 000	838 727	9 011 338	-90 611
13 Tenester som erstattar eigen teneste	14 253 506	14 602 000	-348 494	14 069 238	184 268
14 Overføringsutgifter	1 195 296	1 590 000	-394 704	1 587 169	-391 873
15 Finansutgifter	29 550	10 000	19 550	22 717	6 833
Sum utgifter	89 487 644	91 325 000	-1 837 356	92 143 365	-2 655 721
16 Salsinntekter	-6 382 197	-6 057 000	-325 197	-6 292 054	-90 143
17 Refusjonar (med krav til motytin)	-12 790 054	-10 477 000	-2 313 054	-12 423 845	-366 209
18 Overføringsinntekter	-787 599	-690 000	-97 599	-785 339	-2 260
19 Finansinntekter og finansiering	-147 692	-4 000	-143 692	-980 747	833 055
Sum inntekter	-20 107 542	-17 228 000	-2 879 542	-20 481 985	374 443
Sum etat: 3 Helse og omsorg	69 380 102	74 097 000	-4 716 898	71 661 380	-2 281 278



10.3 Helse- og omsorgssjefen med stab.

Merkantil stab, rådgjevar, folkehelsekoordinator og etatsjef. Gjennomsnittsalder etatsleiing med mellomleiarar og stab var på 54 år. 2 personar var over 60 år.

Tilsette Årsverk

Etatssjef	1	1
Rådgjevar	1	1
Merkantil stab	2	1,50
Folkehelsekoordinator	1	0,2

Helse- og omsorgssjefen er avløysar for Rådmannen ved fråvær, og informasjonsansvarleg i kriseleiinga i kommunen. Møter fast i Helse- og omsorgsleiarforum i Valdres. Etatssjefen

er regionen sin representant i Geografisk Samarbeidsutval (GSU) og Lokalt administrativt samarbeidsutval psykiatri i Sjukehuset Innlandet.

Helse- og omsorgssjefen var konstituert rådmann frå juni til medio august. I tillegg var oppgåver frå vakant personalkonsulentstilling fordelt på etatssjefane. Dette medførte stort arbeidspress på heile etaten, og omprioritering av oppgåver.

Gjennomføring planarbeid jf. planstrategi

- Regional strategisk kompetanseplan for helse- og omsorg i Valdres – tiltaksdel rullerast årleg
- Bustadpolitisk plan for Vang kommune 2009-2019 – vedteken juni 2019.
- Folkehelseoversikt for Vang kommune 2020 – arbeidet er påbyrja i 2019.

Merkantil stab og rådgjevar

Ny rådgjevar byrja 1.12.2018 og ny merkantil tilsett byrja 1.1.2019.

Merkantil stab har m.a. ansvar for lønnsarbeid, fråværsregistrering, fakturering, vederlagsbereking, pasientrekneskap og arkiv.

Rådgjevar er systemansvarleg for fagsistema Ressursstyring og Profil for Vang kommune. Har ansvar for opplæring og utvikling, samt oppdatering og oppfølging av programma. I Vang brukar barnehagane og bufellesskapet Visma ressursstyring i tillegg til turnusområda i pleie- og omsorg.

Systemansvarleg jobbar tett med IKT Valdres og systemansvarlege i dei andre Valdreskommunane.

Rådgjevar har hovudansvar for saksførebuing av søknader om pleie- og omsorgstenester til tildelingsteamet, og skriv vedtak.

Rådgjevar er og prosjektleiar for innføring av velferdsteknologi og sit i den regionale prosjektgruppa.

10.4 Folkehelse.

Etter folkehelselova av 2012 er folkehelsearbeid tversektorielt og ein integrert del av all kommunal verksemد. Folkehelsepolitikken er forankra i verdiar for likeverd og rettferdig fordeling med sterkt fokus på psykisk helse og utjamning av sosiale helseforskellar. Folkehelsearbeidet skal medverke til gode sosiale nettverk og møteplassar, til at flest mogleg får høve til å drive fysisk aktivitet, enkelt friluftsliv og idrett på ulike nivå.

Den fyrste lovpålagte *folkehelseoversikta* vart ferdigstilt i 2015, saman med ein eigen folkehelseplan for Vang. Folkehelsekoordinatoren har medansvar for revidering av denne *folkehelseoversikta*. Arbeidet starta i 2019, og revidert utgåve vert lagt fram for kommunestyre våren 2020. Folkehelsekoordinatoren skal halde seg orientert om kommunale

planar for kunne sjå etter om folkehelseperspektivet vert teke omsyn til, som i PLB og i planstrategien i Vang.

Folkehelsekoordinatoren skal ha oversikt over og stimulere andre til universelle og sosialt utjamnande tiltak. Døme er trimordninga blant kommunalt tilsette, eller *Program for folkehelse* der Vang i 2018 valde *Smart oppvekst* som tema i skule og barnehage. I 2019 overtok ein prosjektleiar og ei arbeidsgruppe ansvaret slik at folkehelsekoordinator si rolle heretter er å vera ein viktig støttespelar.

Vang kommune har folkehelsekoordinator i 20 %. Det er tett samarbeid med Frisklivssentralen, med ymse lag og foreiningar rundt enkeltprosjekt og med folkehelsegruppa i Valdres.

Folkehelseforumet i Valdres har skaffa pengar til mange prosjekt, som klopper og skilt. Folkehelsekoordinatoren sjekkar om dei som har tinga klopper og skilt i Vang utfører eller syter for å utføre eventuelt vedlikehald; i samarbeid med VNK. Det same gjeld også den kommunale *Trimløypa* i Ryfoss og *Kulturløypa* til tidlegare Høre skule. I sumarhalvåret 2019 gjekk folkehelsekoordinatoren gjennom dei fleste områda med klopper for å sjekke tilstanden.

Folkehelsekoordinatoren har saman med frisklivsrettleiar, søkt om midlar til nyttige tiltak innan friskliv og folkehelse, mellom anna til *Aktivitetsparken* i Vang i 2018. Frisklivsrettleiaaren hadde hovudansvaret og det meste av arbeidet, men begge har samarbeidt om oppfølging og vedlikehald i etterkant. Vi har elles samarbeidt om bruk av treningskontaktar til ulike treningstilbod.

Folkehelsekoordinatoren deltek på ymse kurs og seminar under OFK eller Helsedirektoratet og prøver elles å fylgje med på informasjon om folkehelse frå desse.

Aktivitetsoversiktsliste – fysisk aktivitet - er redigert og lagt ut på Vang kommune si heimesida under folkehelse.

10.5 IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester

Vangsheimen og heimetenesta

10.5.1 Målsetjingar 2019

- Utvikle gode og bærekraftige helse- og omsorgstenester ved å utforme nye løysingar. Dette handlar om å ta i bruk dei samla omsorgsressursane i samfunnet, ny teknologi, nye faglege metodar.
- Naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer.
- Differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plager.

-
- Brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.
 - God ressursutnytting med tenleg fordeling mellom administrative og tenesteytande oppgåver.

10.5.2 Hovudarbeidsområde

Tilsette Årsverk

IHT	Leiing Vangsheimen, heimetenesta og miljøtenesta	3	3
Tabellen til høgre viser fordelinga av tilsette.	Vangsheimen (langtid + 16,38, vikarbant 1.99)	32	18,4
Vangsheimen: 16 langtidsplassar, 10 korttids- plassar, ein tryggleikspllass, dagsenter, kjøken/kantine og vaskeri.	Korttid, heimesjukepleie og heimehjelp	30	18,4 9
	Dagsenter og Grindablikk	6	1,63
	Miljøtenester	39	19,2
	Kjøken, reinhald, vaskeri	10	6,62

Heimeteneste og Heimesjukepleie

og heimehjelp/ praktisk bistand i heimen.

Dagtilbod: Grindablikk (dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens), og dagsenter Vangsheimen.

Butilbod: 14 omsorgsbustader, 3 forsterka bustader, to trygdebustader og to bukollektiv.

Miljøarbeid: Tilrettelegge for normalisering av bu-, fritids- og arbeids-/aktivitetstilhøve for personar med særskilde behov. Miljøtenesta har i tillegg 33 støttekontaktar og avlastarar. Tenestane avlastning, omsorgsløn, støttekontakt og assistentar i BPA utgjer 9,5 årsverk.

IHT har i hovudsak ei stabil personalgruppe. Det er ei utfordring å rekruttere og behalde faglært personell. Me lukkast til ein viss grad å rekruttere nye til avdelinga til faste stillingar, men det er ei utfordring i høve til vikariat. Våre fast tilsette ynskjer i periodar permisjon/redusert stilling for å få annan praksis eller ta utdanning. Det er positivt, men det er vanskeleg å dekke opp. Sjukefråvær gjer også at det er vanskeleg planlegge behov for bemanning fram i tid. Det er eit utfordring å dekke alle helger med fagfolk. Ei anna utfordring er å auke stillingsprosent utan å auke helgefrekvens. Me har i perioder nyttा bemanningsfirma for å sikre rett kompetanse. Det er spesielt vanskeleg å rekruttere vernepleiarar. Store deler av året har me hatt 1-2 vikarar frå bemanningsfirma i 100% stilling for å dekke opp.

10.5.3 Kompetanse

Det har i fleire år vore jobba for å få ufaglærte til å ta fagbrev og andre tilsette til å ta høgskuleutdanning / vidareutdanning.

Helsefagarbeidarar: 2 årsverk lærling i IHT, ingen har fullført fagprøve i 2019.

Sjukepleie/vernepleie: Ein tilsett fulførte sykepleierutdanning og ble tilsett som 100% Sjukepleiar. En vikar som fulførte sykepleierutdanning og ble tilsatt som 100% sjukepleier

Leiarutdanning: 2 leiarar har gjennomført vidareutdanning i leiing og kvalitetssikring, 4 leiarar har gjennomført videreutdanning konflikthåndtering'

Kurs og anna opplæring:

- Oppfriskningskurs legemiddel håndtering (elærer NHI)
- Smittevern kurs med hygienen sykepleier sjukehus innlandet
- Forflyttningskurs
- Legemiddelhåndtering hos eldre, temadag med foredrag fra tilsynsleger
- Alzheimendagen: pårørende som resurs
- Paseintrettet kurs om Tvang og makt under veilededning av spesialisthelsetjeneste
- Blodprøvetakelse CRP
- Matgledekorps i regi av fylkesmannen
- Diverse kurs om velferdsteknologi
- Diverse kurs implementering hverdagrehabilitering
- Visma veilederen: Legemiddelhantering grunnkurs til aktuelle personer, pårøranderettleiing, Teiplikt, journalføring, hverdagrehabilitering, summervikarpakke
- Individuell opplæring i profil
- Målretta miljøarbeid – årleg kurs for nytilsette
- I miljøtenesten har dette vore kursa som er gjennomført:
 - 9 helsefagarbeidere og assistenter starta kurset «Mitt livs ABC avslutta perm 1 »
 - 8 helsefagarbeidere og assistenter starta kurset «Mitt livs ABC avslutta perm 2 »
- 1 helsefagarbeidar tek vidareutdanning i «Psykisk utviklingshemming og aldring»
- Det er gjennomgått individuell opplæring i Profil, Kvalitetslosen og medisinopplæring.
- Etisk refleksjon er eige punkt på personalmøter, men har ikkje har eige opplegg rundt dette i 2018.
- Lund hadde brann- og evakueringsøving saman med Integrasjonssenteret i 2018.

Det er faste møter mellom leiinga og alle tillitsvalde i IHT hver kvartal og ekstra viss det er behov for dett

IHT har fokus på HMS arbeid. Vi har tre aktive verneombod og har faste møte med desse. Det blir jobba med risikovurderingar, sjukefråværarbeid, arbeidsmiljøsaker mv. Det blir gjennomført vernerunde med oppfølging og medarbeidarsamtaler i alle

avdelingar.

10.5.4 Sjukefråværsutvikling

	2017	2018	2019
IHT eigen- og legemeldt	13,8	11,7	8,5

Det er framleis bufellesskapa som har det høgste fråværet, men også der er det redusert. Det er langtidsfråværet som er høgast. IHT jobbar systematisk med oppfølging av sjukmelde.

10.5.5 Økonomi –IHT 2019.

IHT	Regnskap 2019	Buds(end) 2019	Avvik kr	Avvik %	Regnskap 2018
<i>ansvar 320-339</i>					
Utgifter	66 215 422	67 711 000	-1 495 578	-2,3 %	68 406 727
Inntekter	-16 795 591	-14 270 000	-2 525 591	15,0 %	-16 555 447
Sum	49 419 831	53 441 000	-4 021 169	-8,1 %	51 851 280

Som vi kan sjå av tabellen ovanfor så hadde IHT eit mindreforbruk på 1.495.578 kroner i 2018, og meirinntekter på 2.525.591 kroner. .

10.5.6 Vangsheimen

Mål og viktige planar

- Langtids-, korttids-, rehabiliterings- og avlastingsopphald med god fagleg kvalitet.
- Korttidsplassar for utgreiing, behandling, rehabilitering, lindrande behandling m v.
- Vidareutvikle samarbeid og god flyt mellom tenestane i Vang og VLMS.
- Rekruttere og behalde kvalifisert personale. Jobbe for større stillinger: Prøve ut kombinasjon helgestilling + vikarpool og ulike variantar av dette.
- Styrke leiarkompetansen gjennom kurs og utdanning
- Kompetanseheving gjennom internundervisning, studiegrupper, kurs. Ta i bruk e-læring sette i system.

-
- Fagsystema Profil og Notus: Vurdere ulike former for velferdsteknologiske løysingar opp mot Profil.
 - Arbeidsmiljø og HMS; kontinuerleg oppfølging av risikovurdering og handlingsplanar.
 - Vidareutvikle brukarmedvirking med brukarane og pårørande. Jf. Rettleiar for brukarmedvirking i Vang kommune.

Vangsheimen har 26 plassar i einerom, fordelt på tre avdelingar. Det er 16 langtidsplassar og 10 korttidsplassar. Korttidsplassane blir nytta til rehabilitering, avlasting og lindrande behandling. Vi har ein tryggleikslass.

I 2019 var gjennomsnittleg beleggsprosent 103,75 Over 100% belegg er pasient(er) på korttidsavdelingen med langtidsvedtak på langtidsavdelingen.(76,36% i 2018)

56,32% på korttidsavdelinga. Det har vore 1 opphold på tryggleiksplassen.

Det har vore 34 korttidsopphald i 2019 mot 64 i 2018. Gjennomsnittslengda på

korttidsopphald var 19,5 i 2019. Variere fra 1 døgn til 78 døgn.

Avlastingsopphald held seg relativt stabilt både i antall og gjennomsnittslengde: 63 opphold med ei gjennomsnittslengde på 5,6 døgn.

Det er fleire heimebuande som har faste, rullerande avlastningsopphald.

Langtidsopphald avslutta i 2019 hadde ei gjennomsnittslengde på 770 dager i 2019 som tilsvarer 2,1 år. (0,68 år i 2018, 1,6 år 2017, 2016: 2,5 år, 2015: 5,1 år).

Korttidsavdelinga har 8 korttidsplasser og to avlastningsplassar. Avdelinga har tett samarbeid med heimetenesta, då det er same personalgruppe. Det er felles tverrfaglege møter kvar onsdag for å arbeide systematisk.

Presset på sjukeheimspllassar er stabilt. Det er god kapasitet på korttidspllassar, samt at styrking av heimetenesta gjer at fleire får eit meir omfattande tilbod heime. På korttidsavdelinga er det store variasjonar i pasientbelegget, og det varierer raskt. Det blir jobba for å gje korttidsopphald med god kvalitet og effektiv behandling/rehabilitering, slik at pasientane kan koma til eit anna tenestenivå.

Det faglege ansvaret for korttidsavdelinga er fordelt på to stillingar. Dei har hovudansvaret for den faglege oppfølgjinga av pasientar i avdelinga, journalansvar jf. lovverket; herunder sikre at dokumentasjon vedkomande pasientar til eikvar tid er ajour. Dei skal utarbeide sjukepleieplanar og sikre at spesielle treningsopplegg / tiltak blir følgt opp. Dei har også ansvar for kartlegging,dag-, veke og behandlingsplanar.

Felles sjukepleiemøter for Vangsheimen kvar 14 dag, for å ha felles faglege fokus, og diskutere div. praktiske problemstillingar.

Legevisitt kvar veke. Gjennomgang av pasientar, samordning av behandling og trening. Generelt har ikkje fysioterapitenesta fungert optimalt på korttidsavdelinga i 2019.

Ergoterapeuten sørger for tilrettelegging heime, og å skaffe hjelpemiddel.

Det er laga eit pårøranderom, som familien/nærmaste kan nyte.

Det er to legar knytt til sjukeheimen. Det er eit godt samarbeid med legetenesta.

Pleie- og omsorg organiserte i 2017 eit tre-årig overordna utviklingsprosjekt: «*Redesign av tenestar i møte med framtidas utfordringar*» - med 6 delprosjekt. Fleire av prosjekta går over fleire år, og utviklast/gjennomførast stegvis:

1. Kultur og haldningar – informasjon og kunnskap for endring: Det er behov for kunnskap og endra haldningar ved all endring. Det å auke kunnskap ved kurs, møter, informasjon osv. er difor viktig i alle dei prosjekta me har sett i gang.
2. Døgnbemanna omsorgsbustad kombinert med dagaktivitetar til pasientar med kognitiv svikt. Me starta i 2015 Grindablikk – dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens. Etter om lag eitt års drift var det behov for evaluering og noko endring i tiltaket. Dette prosjektet skal difor evaluere eksisterande tilbod og evt. endre driftsmåte. I tillegg skal ein vurdere evt. samordning av dagaktivitetstilbod og delvis bemanning i omsorgsbustaden på Storplogen. I 2018 vart det tilsett ein sjukepleiar i 40% stilling som fagleiarr for begge dagsentera. Dette får å få betre flyt og koordinering av aktivitetar.
3. Førebyggande heimebesøk

Kommunane skal drive førebyggande arbeid i høve til alle grupper. Førebyggande heimebesøk hjå eldre er eit tiltak me skal ha. Prosjektet skal utarbeide form og innhald i tiltaket, basert på sentrale føringar og lokale tilhøve.

Målet med heimebesøk er å bidra til alle over 70 år som bur heime skal kunne føle seg trygge, oppleve livskvalitet og behalde god helse så lenge som muleg.

Prosjektgruppa har i 2019 arrangert eit ope informasjonsmøte med ulike tema. Det var mange frammøtte. Ingen har foreløpig meldt behov for forebyggende hjemmebesøk.

4. Liv Laga! Mestring og rehabilitering i Vang

Kommunane får større ansvar for rehabilitering. Prosjektet skal utgreie korleis me skal organisere og drive rehabiliteringsarbeidet vårt i Vang. Kvardagsmestring er ein del av dette. Prosjektet har i 2019 har blitt forankra og implementert på avdelingsnivå. Vi har ikkje kome heilt i mål med en politisk forankring og forankring hos innbyggjarar i Vang. Velferdsteknologi – 2019: Valdres er med på det nasjonale velferdsteknologi programmet. Rådgjevar Helse og Omsorg sit i den regionale gruppa . I 2019 har arbeidd lokalt bestått i kartleggingar av kva teknologiar Vang kommune har behov for. Det arbeidast no med ein felles innkjøpsavtale for Valdres, dette har no vore ute på anbod og IKT tek seg av denne prosessen. Avtala skal være klar i Mai 2020.

Vang har ilag med dei 5 andre Valdreskommunane utarbeidd ein strategisk plan for velferdsteknologi i 2017. Kommunen har skifta til digitale alarmar frå 1. juli 2018, dette har fungert godt. I 2019 har me gått til innkjøp av GPS klokker og 1 bevegelse sensor som brukast i avdelinga.

5. Ernæring og døgnrytme.

På institusjon blir en pasienten risikovurdert angående underernæring.

Me har tatt kontakt med leiar Rødekors Oppland for å undersøke om det var moglig å etablere rødekors besøksteneste. På slutten av 2019 er det fleire besøksvennar som

besøkjar innbyggere i Vang i regi av besøksvenn teneste Rødekors Grindaheim. IHT og rødekors har et samarbeid for å identifisere behovet og sette i gang teneste.

Me søkte Fylkesmannen i Oppland om Innovasjons- og kompetansemidlar, og fekk kr. 300 000,- til prosjekta i 2019. Midla er brukt til prosjektarbeidet i 2019.

Det er ei utfordring å drive godt prosjektarbeid i tillegg til dagleg drift. Ein får ikkje alltid tilfredsstilande framdrift på prosjekta

10.5.7 Dagsenteret

Tilbodet omfattar skyss til og frå Vangsheimen, frukost, middag, kaffi. Dagsenteret arrangerer aktivitetar både for pasientane på Vangsheimen og for dagsenterbrukarane.

I 2019 har det vore 25 brukarar på dagsenteret fordelt på to dagar. Likt som i 2018.

Det er ulike faste aktivitetar:

- Allsong med Siri-Gro, Heidi og Alistair gjennom kulturskulen kvar måndag eller torsdag i skuleåret.
- Balansetrening og fallførebygging med fysio 45 min. tysdag og torsdag
- Andakt: 1 gong per mnd. med ei stølsmesse og ei nattverdsgudsteneste i påske og Lille juleftan.
- Festmiddagar i kantina: t.d påskemiddag, fårikålens dag, rakfisklag og viltmiddag, Olsokfeiring med rømmegrøt, Festmiddagane er for både pasientar på Vangsheimen og dagsenteret.
- Rullatortreff: Det vart arrangert rullatortreff med aktivitetsløype og grilling
- Det har vore 5 konserter med eksterne aktørar. Noko i regi av den kulturelle spaserstokken.
- Besøk fra Vangskoret og Seniordans
- Det er arrangert klessal 4 gonger

Julebasar

- Tur til Syndin/strø, med middag på Syndinstøga
- Bakedag i desember: Bakte stryller og goro

Besøk av 1 og 2 kl. VBU i en sangtime

Besøk fra kulturskule og 3 og 4 kl. VBU

- Besøk fra Barnehagen Luciafeiring og servering av lusekatter
- Trim hver uke, mandag og torsdag
- Frisør 1 gang pr måned

Dagsenteret har samarbeid med frivillige som hjelper til når det er behov for fleire hender.

10.5.8 Solgløtt - Dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens

Vang kommune fekk tilskott frå Helsedirektoratet for å opprette nye plassar for dagaktivitetstilbod til heimebuande med demens i 2014. Tilboden går til heimebuande som har ei demensdiagnose eller er under utgreiing for dette.

Dagaktivitetstilbod for personer med kognitiv svikt vart re-estabert på Storplogen i januar 2018. Tilboden omfattar skyss til og frå Storplogen, frukost, lunsj, middag, kaffi. Dagtilboden har vore ope 2 dagar i veka som før. Aktivitetar er tilrettelagt for dei som er der, hatt tur til Lærdal, Fagernes, Syndin. Dei lagar lunsj og middag i fellesskap og får ein triveleg måltid saman. Personalet avlastar heimetenesta og har eit tett samarbeid.

Vang kommune fekk kr. 278 170,- til vidareføring av tiltaket i 2019. 2019 er siste året med tilskott.

Tilboden har hatt 8 brukarar i 2019. Dette er en økning på 2 frå 2018.

10.5.9 Omsorgsbustader

Det er seks bustader ved Prestegarden, sju på Storplogen, to i Ryfoss og 1 i Prestgardsstigen. Grindatun har 4 bueiningar og Bakkehaugen 3. Det er større søking for bustadane med fellesareal, der det ligg godt til rette for sosial kontakt og større tryggleik. Nærleik til sjukeheimen, butikk, legekontor og bank er viktig.

Dei som bur i omsorgsbustadene får heimetenester på line med andre heimebuande.

Forsterka bustad, Storplogen, er eit tilbod til personar som av helsemessig årsak ikkje kan bu heime eller i ordinær omsorgsbustad med heimetenester, men som ikkje har behov for institusjonsplass med pleie/omsorg/behandling 24 timer pr. døgn.

Heimehjelpene har to timer på Storplogen måndag, tysdag og torsdag, som dei brukar til å hente og servere middag til bebruarane, og slik få eit triveleg måltid saman, dei får også mulegheit til tur/trening. Frivilligsentralen: Frivillige serverer middag på Storplogen på syndagar, dei har sosialt samvær og høgtlesing.

Alle bolignene har vært utleigd i 2019. Ein bustad ved Storplogen er møblert til bruk som treningsleilegheit. Pasientar som har bruk for å prøve ut om dei kan greie seg i omsorgsbustad eller i eigen heim, kan «prøvebu» i denne leilegheita som del av eit korttidsopphald. Det er i mange tilfelle utfordrande å motivere pasientar til å prøve seg i treningsleilegheita, då mange har eit ynskje om å bli på sjukeheimen.

Eitt av husværa på Bakkehaugen blir leigd ut til vanleg utleigeføremål, og eitt av husværa på Grindatun blir brukt til avlasting. Ved årsskiftet var det ingen ledige bustader.

10.5.10 Heimetenesta

Mål og viktige planar

- Naudsynt og forsvarleg helsehjelp skal ytast i heimen så lenge det er mogleg.

-
- Tilstrekkelege og fleksible heimetenester tilpassa den einskilde sine behov for å oppretthalde eigenomsorg lengst mogleg.
 - *Praktisk bistand og hjelp i heimen* til menneske med endra funksjonsnivå grunna fysisk eller psykisk sjukdom.
 - Aktiv førebygging for å sikre god helse og godt funksjonsnivå.
 - Vidareføre *Kreftsjukepleiarfunksjonen* i Vang kommune.
 - *Avlasting* til pårørende med ansvar for personar med særleg hjelpebehov, slik at dei kan ha omsorg for sine nærmeste i heimen lengst mogleg, og samstundes meistre kvardagen.
 - Naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg til pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus og har behov for vidare helsehjelp i kommunen.
 - Prosjekt «*Redesign av tenestar i møte med framtidas utfordringar*» - 6 delprosjekt og 2 frittståande prosjekt. Fleire av prosjekta går over fleire år, og utviklast/gjennomførast stegvis:
 - Tilpassa bustader (sentrumsplan for Vang / bustadsosial handlingsplan)
 - Gjennomføre brukarundersøkingar kvart andre år.
 - Oppfølging av Rettleiar for brukarmedverknad.
 - Øystre Slidre kjøper tenester av Vang kommune for ca. 1 mill. kr gjennom samarbeidsavtale.

Heimetenenesta er delt inn i fire område, med kvar sin områdesjukepleiarar som fagleg ansvarleg. Det 2,2 årsverk for heimehjelp i 2019.

Kreftsjukepleiarfunksjonen: Kreftsjukepleiar er tilstt i 10% stilling i kommunen, ho skal bistå, gje råd, samtaler og rettleiing til kreftsjuke pasientar og pårørende.

Kreftsjukepleiar jobbar som ein del av heimesjukepleia, og kan bruke ressursane noko fleksibelt etter behov. I 2018 6 pasientar fått oppfølging..Kreftsjukepleiar har hatt 4 møter/kurs på Fagernes med kreftkoordinator og kreftsjukepleiar i Valdres.

Vang kommune og Valdres er med i eit stråleterapiprosjekt, krefsjukepleiar er vår kontakt i dette prosjektet.

Ved utgangen av året var det 99 (114) brukarar i heimetenenesta (2018-tal i parentes).

57 (65) fekk heimesjukepleie, 42 (49) praktisk bistand. Det er nedgang i talet på pasientar i heimetenenesten. Omfanget av hjelpa varierer frå korte tilsynsbesøk til hjelp fleire timer fleire gonger dagleg.

Det tverrfaglege samarbeidet held fram med faste møte. Målet er å arbeide systematisk for samordning av trenings- og pleieplanar for kvar tenestemottakar og å styrke det faglege arbeidet for å sikre tenestetilbodet til kvar ein skild brukar. Dette har gjeve betra sikring av opptrening/rehabilitering. Pasientane kjem fortare heim slik at rehabiliteringsavdelinga kan ta imot pasientar frå sjukehus/-heim etter kvart, i samsvar med samhandlingsreforma. Det er viktig med pårørandemøte med kartlegging av ressursar frå familie og pasientar.

Avlastningsopphald har auka. Pasientar kjem inn på faste, rullerande opphold. For

heime- buande pasientar er dette viktig både for kosthald, trening og sosialt samvær. Regelmessig avlasting for pårørande bidreg til at pasientar kan bu lengre heime. 8 personar nytta avlastingsopphald ved utgangen av 2019.

Ved årskiftet var det 20 personar som fekk tilkøyrt varm middag. 47 brukarar har tryggleiksalarm.

Vang kommune administrerer Transporttenesteordninga for rørslehemma (TT) for Oppland Fylkeskommune. Kommunen har 22 TT-heimlar (24 i 2018). Me fekk utdelt 99.000 kr. Januar i 2019 har me fått 3 søknadar. 3 er innvilga, 4 godkjenningar er avslutta grunna endra behov etter dødsfall. Me fekk og ei tileggstildeling på 80.000 som skulle gjevest til synshemma og rullestolbrukarar. 7 stk fekk ekstra tildeling frå denne potten. 5 av dei andre brukarane fekk av den vanlege ekstra tildelinga etter 1 halvår.

Brukarar som ikkje nytta ordninga får skriftleg informasjon om at godkjenninga kan bli avslutta om dei ikkje nytta ordninga.

Frå oktober 2019 tok Innlandet Fylkeskommune over all tildeling av TT. Pr. 01.10.19 Hadde me 19 Godkjente brukarar.

10.6 Miljøtenesta

Dei ulike tenestene som miljøtenesta har ansvaret for:

- BPA – brukarstyrt personleg assistanse
- Miljøarbeid – praktisk bistand i heim, arbeid og aktivitetar
- Rettleiing til pårørande med særskild tyngande omsorgsoppgåver
- Støttekontakt – bistand for å delta i vanlege sosiale settingar og aktivitetar
- Omsorgsløn – ved stor belastning i heimen og behov for bistand frå den/dei nærmaste
- Avlasting – til familiar med tyngande omsorgsoppgåver
- Parkeringsbevis – for forflyttingshemma.
- Ledsagerbevis – for personar som treng bistand i aktivitet.

10.6.1 Økonomi

Miljøtenestene	Regnskap 2019	Buds(end) 2019	Avvik kr	Avvik %	Regnskap 2018
ansvar 330-335					
Utgifter	22 961 662	23 485 000	-523 338	-2,3 %	23 945 441
Inntekter	-7 223 655	-6 084 000	-1 139 655	15,8 %	-7 156 567
Sum	15 738 007	17 401 000	-1 662 993	-10,6 %	16 788 874

10.6.2 Skildring av tenestene i 2019

Det vart i 2019 satt i kraft 13 nye vedtak på ulike typer tenester frå Miljøtenesten, nokre tenestemottakarar har meir enn ei teneste.

Rettleiing til pårørande med særskilt tyngande omsorgsoppgåver er ei relativ ny teneste. Her ser ein eit aukande behov, ettersom andre instansar som tidlegare har hatt denne oppgåva trekker seg meir ut og overlèt oppgåva til kommunane. Kommunane fekk ansvar for drifting av denne tenesta frå oktober 2017 etter ei endringslov til Helse- og omsorgstenestelova (1.juni 2017).

Miljøtenesten er ei teneste som er i stadig endring, og behovet for fleksibilitet gjer seg meir og meir gjeldande. Samstundes er det viktig å ivareta stabilitet og tryggleik i tenesteytinga.

Kommunen har hatt fokus på kompetanseheving for leiarane for å gjere dei betre rusta til å stå i framtidas utfordringar. Det har vore gjennomført fleire modular i samarbeid med Høgskolen i Innlandet i samband med vidareutdanning i helseleiing, velferdsteknologi og innovasjon, kvalitetsleiing og konflikthandtering og kriselerding er modulane som har vore gjennomført i 2018-2019. Avdelingsleiarane har i tillegg fått tilbod om rettleiing frå bedriftshelsetenesten og har nytta seg av dette.

Miljøtenesten samarbeider med fleire instansar, mellom anna andre kommunale helsetenester, barnehage, grunnskule, vidaregående skule, PPT, BUP, Habiliteringstenesten og Fylkesmannen.

Miljøtenesten deltek i det tverrkommunale samarbeidet Fagleg nettverk for målretta miljøarbeid i Valdres, der ein arbeider med felles kurs og kompetanseheving innanfor tenesteområdet i Valdres.

10.6.3 Bufellesskapa

Vang kommune har to bufellesskap i Miljøtenesten; Grindatun og Bakkehaugen.

Det er til saman 7 bueiningar ved dei to bustadene som leigast ut til personar som ønsker å bu sjølvstendig, men tilknytt eit bufellesskap. Bustadane er ikkje institusjonar, men private bustadar som er tilknytt ein base med eigen administrasjon og ei eiga personalgruppe.

Bustadane har òg eit fellesareal som nyttast av personale og av dei som bur ved bufellesskapet.

To av leilegheitene ved Grindatun var i 2019 sett av til andre kommunale tenester og er tilpassa avlastning og tryggleikslass/døgnopphald. Desse ligg sentralt, og butikk, bibliotek og andre tilbod er lett tilgjengeleg. Desse leilegheitene har i periodar og vore nytt til hybeltrening, for dei som treng å trenre på å bu sjølvstendig før ein skal flytte heimanfrå.

Det var i 2019 20,46 årsverk knytt til tenestene som blir administrert frå basane, fordelt i tre turnusområder. Årsverka var fordelt på 33 personar i turnus. Årsverka i turnus har til ei kvar tid vore knytt til vedtak på tenester til kvar enkelt og omfangset av dei ulike vedtaka.

Ein yter òg tenester til fleire tenestemottakarar utanfor bufellesskapet ved basane. Til saman 12 personar fekk i 2019 tenester frå tilsette i turnus ved basane.

Prosjektet med felles avdelingsleiar for basane var vidareført i 2019.

Miljøterapeutstillingane (3 årige) har fagansvar ved både bustadene, for å sikre fagleg oppfølging og kontinuitet i tenesteytinga.

Arbeidsmiljøet i Miljøtenesten opplevast i hovudsak som stabilt og godt, dei tilsette er opptatt av å yte gode tenester og av å ha eit godt arbeidsmiljø.

Det vart tilsett ny vernepleiar i 100% stilling med oppstart frå 1. mars 2020, samt i ei i helgestilling frå 1. desember 2019. Tre tilsette i tenesta starta vernepleiarutdanning hausten 2019. Dette er vi særskilt godt nøgde med.

Det har gjennom fleire år vore utfordrande å rekruttere til 3-årige stillinger i Miljøtenesten og belastninga på dei ein har hatt har tidvis vore stor. Ein ser at målretta arbeid med rekruttering og kompetansehevande tiltak gjev resultat.

Andel fagarbeidarar i Miljøtenesten har vore aukande dei siste åra. Dette fordi fleire tilsette har tatt fagutdanning og at fleire faglærte har fått stillingsauke som alternativ til utlysing av småstillingar.

Ein arbeider med kompetansehevande tiltak for alle tilsette, uavhengig av utdanning, og nyttar e-læring i stadig større utstrekning. Mitt livs ABC har vore eit positivt kompetansehevande tiltak for fagarbeidarar og assistenter. Dette kurset starta i 2018 og fullførast i løpet av våren 2020.

Tilgangen på vikarar har i 2019 vore relativt god, fleire vikarar har arbeidd i tenesta i fleire år. Dette gjev god stabilitet i periodar med fråvære, som ved ferieavvikling eller sjukdom.

Uprüfing av turnus med lange vakter ved eit turnusområde har vore vidareført i 2019 og vidareførast i 2020, etter ønske frå både tilsette og brukarar. Omlegginga til lengre vakter har ikkje bydd på større utfordringar og erfaringane er i hovudsak positive. Ein har hatt halvtårlege evalueringar av ordninga. Samla overtidsbruk har vorte redusert og det har vore lettare å dekke inn vakter ved til dømes ferieavvikling enn tidlegare. Sjukefråveret har òg gått noko ned. Tenestene opplevast som meir fleksible.

Det er framleis stort fokus på førebygging av sjukefråvær og sjukefråværsoppfølging i Miljøtenesten. Kortidsfråværet i tenesta er lågt, og ein hadde i 2019 ein stor nedgang i

langtidsfråvere, samanlikna med 2017 og 2018. Ein har fokus på tidleg oppfylging, tilrettelegging og godt samarbeid mellom sjukemelde, avdelingsleiar, nav og lege ved sjukefråvere.

10.6.4 Lund arbeidsbase

Lund arbeidsbase driv arbeids- og aktivitetstilbod til brukarar frå miljøtenesta, vaksenopplæring, integrasjonssenteret og flyktingtenesta. Tidvis er det òg arbeidstakrarar via NAV, Bufar, HAPRO og andre instansar som skal ha språk- eller arbeidstrening. Lund vert òg nytta av NAV/HAPRO/Bufar for registrering av restarbeidsevne. Lund vert og nytta internt i Vang kommune ved kartlegging av restarbeidsevne og utprøving av anna arbeid. Ein registrerar at det kjem fleire og oftare førespurnad om tenester ved Lund frå desse instansane, noko som er positivt.

Lund tilbyr ulike aktivitetar og tenester som skal sikre tenestemottakarar eit godt dagtilbod, og tenester for dei som ynskjer å kjøpe dette.

Oppgåvene er som tidlegare bestilling av planting, sal av blomar, produksjon av blomar, jobbfrukt produksjon av ved, cateringprodukt, tenester, utleige av møtelokal m.m, og ein ser ei auke i etterspurnad og omsetting her.

Omsettinga av ved er stabil, men kunne vore større ved betre lagringsforhald. Det vart før jul 2018 gjeve klarsignal frå kommunestyret om finansiering av vedlager, og teknisk har vore på Lund for innsikt i eventuell plassering og utforming. Bygging av vedlager vart av teknisk etat utsett i 2019 og vert forhåpentlegvis sett i gang våren 2020.

Lund har òg opna for ei «snekkerbu», der kreative idear blir sett i småskalaproduksjon for vidare sal, eventuelt for å gjere oppgåver enklare.

Lund har 1,5 årsverk, der 0,8 er knytt til fire plassar for Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA). I 2018 har det vore nytta tre VTA plassar fram til november, då fekk me fire plassar som er oppdekka. I 2019 vart alle 5 VTA plassane dekt opp. Refusjonen frå Valdres Arbeidssenter dekker difor 60% stilling fram til desember 2018, etter det vert 80% dekka. Lund har eit godt samarbeid med Valdres Arbeidssenter på Leira.

Det har ikkje i 2019 vorte gjort nevneverdige oppjusteringar/vedlikehald på Lund arbeidsbase. Vedlikehald som vart meldt til teknisk tidleg 2019 er ikkje gjennomført enno. Det er utført branntilsyn og utbedringane der er gjennomført.

Lund Arbeidsbase har si eiga Facebookside for m.a marknadsføring

10.7 Helseavdelinga

Hovudarbeidsområde

- Allmenn, individretta førebyggjande og kurativ verksemد etter helse- og omsorgsteneste-lova: Legeteneste, fysioterapi, habilitering/rehabilitering, helsestasjon, skule- helseteneste og psykisk helseteneste
- Grupperetta og individretta tiltak for sunnare livsstil og auka fysisk aktivitet, m.a. frisklivssentral

- Samfunnsmedisinske oppgåver som miljøretta helsevern, smittevern, beredskap, folkehelsearbeid

Det var 17 fast tilsette på helseavdelinga i 2019. Dette utgjorde 11,65 årsverk. Helsenesta for asylsøkjrar er vidareført med 1,2 årsverk for sjukepleiar.

I tillegg kjem to privatpraktiserande fysioterapeutar (til saman 1 årsverk) og fast vikar for lege og hjelpepersonell ved legekontoret.

Kvalitetslosen blir nytta som system for internkontroll. Tida har ikkje strekt til for tilstrekkeleg vedlikehald av dokument i dette systemet. Det er ikkje rapportert om nye, alvorlege avvik.

Avdelinga har som før tilnærma ikkje sjukefråver.

I alle lokale for helseneste i Vangstunet er det problem med temperaturreguleringa.

10.7.1 Økonomi – helseavdelinga

105 NAV	Regnskap 2019	Buds(end) 2019	Avvik kr	Avvik %	Regnskap 2018
Utgifter	2 879 854	3 109 000	-229 146	-8,0 %	2 891 108
Inntekter	-	-2 000	2 000		-2 274
Sum	2 879 854	3 107 000	-227 146	-7,9 %	2 888 834
108 Barnevern (interkommunalt)	Regnskap 2019	Buds(end) 2019	Avvik kr	Avvik %	Regnskap 2018
Utgifter	2 196 322	2 580 000	-383 678	-17,5 %	2 880 023
Inntekter	-4 000	-	-4 000		-8 000
Sum	2 192 322	2 580 000	-387 678	-17,7 %	2 872 023
Helseavdelinga eksl NAV og barne- ansvar 310-319	Regnskap 2019	Buds(end) 2019	Avvik kr	Avvik %	Regnskap 2018
Utgifter	12 607 241	12 401 000	206 241	1,6 %	12 255 486
Inntekter	-3 291 637	-2 948 000	-343 637	10,4 %	-3 288 685
Sum	9 315 605	9 453 000	-137 395	-1,5 %	8 966 801

10.7.2 Legekontoret

Legekontoret har hatt stabil bemanning i 2019. Men grunna fødselspermisjon og vanskar med å få fatt i vikar, har ei legestilling stått utan lege sidan seinsommaren 2018. Vi har hatt vikarar inne deler av tida for å dekke opp for denne stillinga, samt for ferie- og kursfråvær. I månadene utan vikar har drifta gått rundt tross underbemannning, men med ein god del overtid for legane.

Det er høgt nivå på individretta forebyggjande tenester og god kapasitet på kurative tenester. Terskelen for å få rask hjelp ved behov er låg. Det er stor etterspurnad og høg arbeidsintensitet. Individretta forebyggjande arbeid er prioritert.

10.7.3 Helseteneste for asylsøkjarar

Sjukepleiaren ved asylmottaket opplever tidvis stort press. Sjukepleiarressursen er framleis 100% fast, og har i tillegg 20% å bruke i periodar med stort press.

Vi har og hadde i 2019 fortsatt en stor andel med endelig avslag og begrenset rettigheter. 2019 var vel preget av at mange andre mottak ble lagt ned og vi tok imot beboere derfra som hadde vert i Norge lenge. Atmosfære på mottak var nok preget av usikkerhet mtp fremtiden- Blir Vang neste mottak som blir lagt ned. Nytt frå 2019 var fleire familiar spesielt frå Tyrkia. På slutten av året eller i starten av dette året begynte der å komme familiarer frå Colombia, Russland og Ukraina. I tillegg til alle familiarer (stort sett mødre med avslag med barn som har far med opphold – dvs. barn med norsk personnummer og mødre med avslag), som kom til oss frå mottak som ble lagt ned. For nåværende er der 47 barn. Så det er en helt annan situasjon et år sidan.

Også for legetenesta er asylmottaket ei utfordring fordi språk- og kulturforskellar gjer konsultasjonane tidkrevjande. Legane har i tillegg til konsultasjonane fast møte med sjukepleiaren ved asylmottaket kvar veke der mange medisinske spørsmål vert avklara.

10.7.4 Fysioterapi

Etter en urolig 2018, har situasjonen for fysioterapitjenesten i 2019 vært stabil. Deler av avtalefysioterapistillinga er dekka opp av vikar. På denne måten har vi hatt 2 årsverk fysioterapi gjennom hele året.

På Vang Fysikalske Institutt har det vært stabil pågang med pasienter gjennom hele året, uten for lange ventetider. Det vart halde gruppebehandlingar for artrose-pasientar i 2 omgangar, psykomotorisk gruppebehandling og – i samarbeid med Frisklivssentral – fallforebyggande gruppentrening. Frå hausten var stillinga til frisklivsveileder ubesett: fysioterapien tok over 2 treningsgrupper. I tillegg fekk vi en del henvendelser/henvisninger som elles ville ha gått til frisklivsveileder. Disse henvendelser fikk lav prioritet. Direkte innrapportering til Helfo fungerer nå for alle våre fysioterapeuter.

Lokale og medisinsk utstyr er i forskriftsmessig stand, internkontroll er gjennomført. Det har ikkje vært vernerunde. Det er i 2019 meldt inn behov for lydtetting av dørene.

Kommunefysioterapeuten har kunnet øke innsatsen innenfor pleie- og omsorg igjen. Der inngår det behandling i pasientens hjem, behandling på korttids- og langtidsavdelingene på Vangsheimen og etterrehabilitering på Vang Fysikalske institutt. I møter med ledelsen er det arbeidet blitt mer strukturert i løpet av 2019. Fallforebyggende trening i 2 grupper ble gjennomført ukentlig i samarbeid med dagsenter. Kommunefysioterapeut deltar i ukentlige tverrfaglige møter med deltagere fra korttidsavdeling og hjemmetjenester. Innen pleie- og omsorg er det nå innført kvardagsrehabilitering/kvardagsmestring. Det krev innsats fra bl.a. fysioterapeut i form av motorisk kartlegging, utarbeiding og oppstart av treningsprogram, veiledning og møtedeltakelse. Det er ikke avsatt ekstra ressurs til oppgåvene: timane har måttet hentes fra andre oppgåver. Fysioterapeuten deler ansvar for tekniske hjelpemiddel,

både korttidsutlån fra kommunen og langtidsutlån gjennom hjelpemiddelsentral, med ergoterapeuten. Fysioterapeuten er kommunens kontaktperson med NAV Hjelpemiddelsentral i Oppland.

Innen skolehelsetenesten har det vært oppfølging av enkeltelever med motoriske vanskar. Det har stort sett vært på bestilling fra skolen. I tillegg har fysioterapeut deltatt i tverrfaglige ansvarsgruppemøter og individuelle planarbeid. Det har ikke vært tid til klassevise screeninger. Fysioterapi-vikaren har hatt oppfølging av fleire barn i barnehagane.

Organisasjonsmessig er fysioterapitjenesten fortsatt direkte underlagt helse- og omsorgslederen. Dette har – på ulike grunner – ikke fungert optimalt i 2019. Det har i 2019 ikkje kome signal om endring i organiseringen.

10.7.5 Ergoterapi

I 2019 har vore 80% ergoterapeutstilling (20% permisjon frå full stilling). Ergoterapistillinga er organisert saman med korttid- og heimetenester.

Ergoterapeuten jobbar med bustadtilpassingar og tilpassing av hjelpemidler for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne slik at dei skal kunne delta i kvardags- og samfunnsliv slik dei ynskjer. Ergoterapeuten jobbar med trening / rehabilitering heime og i institusjon.

Ergoterapeuten har vore på over 100 heimebesøk, oppfølging i skule og barnehage, ansvarsgruppemøter m.v, til i overkant av 30 personar. I tillegg kjem oppfølging av personar i institusjon (både korttid og langtid).

Ergoterapeut yter tenester til bebuarar på mottaket som treng tilrettelegging og hjelpemidler. Dette kan vere krevjande saker, både pga språkproblem og kulturforståing, men og i høve til kva rettar den einskilde har til m.a naudsynte hjelpemidler. Det er eit godt samarbeid med sjukepleiar ved mottaket.

I barnehageåret 2019/2020 har det vore Skrivedans for førskuleborna i Høre barnehage. Det er eit godt samarbeid med barnehagen. Ungane synes det er artig og pedagogane er nytteverdien av Skrivedans og gjev gode tilbakemeldingar.

Ergoterapeut har systemansvar for SamPro (elektronisk individuell plan), og ansvar for opplæring og drift av systemet.

Ergoterapeut har vore delaktig og samarbeidspartner i følgjande:
Ferdigstilling av bustadpolitisk plan, rullatortreff (samarbeid med dagsenter Vangsheimen og fysioterapeut), juleverkstad på Vangsheimen, prosjekt forebyggande heimebesøk (temadag og framlegg på eldredagen), koordinerande eining for habilitering og rehabilitering (leiar), prosjekt om velferdsteknologi.

Hjelpemiddelformidling varig utlån.

I 2019 hadde NAV Hjelpemiddelsentral Gjøvik registrert 192 aktive brukarar av tekniske hjelpemidler i Vang. 60 personar fekk utlevert hjelpemidler, derav 17 nye brukarar. Det vart utlevert 404 hjelpemidler, 242 hjelpemidler sendt i retur. Dei utleverte hjelpemidla, inkl. deler, har ein samla verdi på i underkant av 1,6 mill kroner. Vaktmeister har hovudansvar for mottak, utkøyring av hjelpemidler, innhenting av større hjelpemidler, montering, service/enkle reparasjonar og retur av hjelpemidler.

I tillegg kjem utlån frå kommunalt korttidslager til heimebuande (>10 personar i 2019) og personar i institusjon. Hjelpemidler på korttidslager er i hovudsak «arvegods» frå NAV Hjelpemiddelsentral. Ergoterapeut er hovudansvarleg for korttidslager, i samarbeid med vaktmeister og fysioterapeut.

Ergoterapeut er involvert i dei fleste av desse søknadene. I tillegg kjem søknadar frå syns- og hørselskontakt.

Kvardagsrehabilitering

Kvardagsrehabilitering kom i gang som tilbod i 2019, og har gjeve tilbod av varierande grad til om lag 5 personar. Ergoterapeut gjer kartlegging og utarbeider treningsopplegg saman med andre faggrupper.

Det er generelt relativt kort ventetid for bistand frå ergoterapeut. Tenesta er godt budd på oppgåver som kjem, og kan ta seg av omfattande tverrfaglege oppgåver i samarbeid med andre tenester på relativt kort tid.

10.7.6 Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste arbeider for at menneskar med psykiske helseplager og deira pårørande skal få den hjelpe dei treng. Vi arbeider og for å dele meir kunnskap om psykisk helse og disse førebyggande tiltaka er viktig del av kommunes folkehelsearbeidet. Tenesta har 2,5 årsverk.

2019 har vore eit aktivt år i teneste. Mengde av henvendingar som handlar om milde og moderate psykiske utfordringar auka stadig, mens dei med alvorlig psykiske helseplager held seg stabilt. I følgje tilbakemeldingane vi har mottatt, har vi inga grunn til å tro at det er stor auke i psykiske problema blant befolkning, men auke i henvendingar skyldas foreløpig om betre kjennskap om tenesta. Samtidig som fleire ynskjer hjelp og trenger nokon å dele sine problema med.

Etterspurnad aukar også kompetansebehovet hos dei tilsette. Ein av de tilsette har i løpet av 2019 bestått kognitiv terapi-utdanning trinn 1, og fortsetter på trinn 2. I november 2018 fekk Vang kommune i samarbeid med Vestre - og Øystre Slidre også tilsett ein kommunepsykolog som er eit godt og etterlengta tilskot til tenestene. Kommunepsykologstillinga er hovudsakleg retta mot barn og unge, men for betre utnytting av kompetansen, er stillinga delt til fleire typa oppgåver der blant anna rettleiing. Rettleiing for dei tilsette i psykisk helseteneste er viktig for å kunne auke ferdighetene og den faglige progresjonen.

I 2018 starta prosjektet «FACT-team for Valdresregionen» Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom Sjukehus Innlandet, Nav og alle Valdres kommunane. Målet for prosjektet var å kartlegge moglegheitene for å tilby pasientar med samansette og langvarige psykiske/rusproblemar eit betre og meir evidensbasert behandlingstilbod. I løpet av 2019 konkluderte prosjektgruppa for å starte eit FACT-team i Valdres, som skal i fyrste omgang vare 4 år. Teamet er samarbeid mellom alle dei nemnde instansane, med Sjukehus innlandet som hovudansvarleg for behandlingsforløpet. FACT-teamet har felles finansiering, og Valdres kommunane har valt å omdreie midlane frå den tidlegare rustteamet i Nav til prosjektet. Teamet starter med pasientarbeid mars 2020.

I slutten av 2019 har psykisk helseteneste flyttet på seg til lokalar i den gamle Nav-gangen. Kontorane har fått ein oppfrisking av nye farger og veggene har blitt forsterka slik at kontorane fyller krava jamfør lydisolering. Flytteprosessen var godt gjennomført, og ble en fin avslutning på året

10.7.7 Helsestasjon og skulehelseteneste

Helsestasjon og skulehelsetenesten har 1,5 årsverk. Pluss lege i ca. 0,1 %.

Generell målsetjing for helsestasjon og skulehelsetenesten:

Vi ynskjer å bidra til å skape ei positiv utvikling hjå barn og unge. Oppgåvene er i vesentleg grad knytt til helsestasjon for born 0-5 år og skulehelseteneste i grunnskulen. Arbeidet er omfattande, frå detaljerte undersøkingar til veiledning og støtte til foreldre. Vi har og ei målsetjing om å oppnå 100% vaksinasjonsdekning.

Brukarmedvirking er viktig og vi skal sikre at barn og ungdom blir høyrde, involverte og får innflytelse i kontakt med tenestane.

Kva har skjedd i 2019?

Det er fortsatt utfordringar hjå barn og unge med psykososiale vanskar, dette merkar vi godt i Vang også. Utviklinga er stabil. For å møte situasjonen har vi framleis fordelt ansvarsområdene mellom oss. Mona Røtterud har i hovudsak sitt arbeid i skulehelsetenesta 1-10 klasse, og Tone Lajord har ansvaret for helsestasjon, Forebyggende team, Tverrfaglig team og mottaket. Et av kommunens satsingsområder er «Smart oppvekst» og helsesjukepleier i skulen har deltatt på kurs og bruker dette i kvardagen.

Også i 2019 vart det oppretta ansvarsgrupper til born og unge som har langvarige og samansette behov, og helsesjukepleiar er i fleire av disse koordinator. Det gjeld og for dei ansvarsgruppene som er oppretta tidlegere. Denne oppfølginga er viktig og krev ein del av ressursen i helsesjukepleietenesta. Kommunen vedtok å ta i bruk eit nytt program for individuell plan som heiter Visma flyt sampro. Dette er eit verktøy som me har tillegna us og tatt i bruk.

Alle nybakte foreldre får tilbod om COS-P foreldreveileding, og i 2019 gjennomførde vi 2 kurs på 6 timer. Vi opplever at foreldra sett pris på dette tilboden.

Helsesjukepleiar har i samarbeid med psykisk helsetjeneste fått opplæring i TIBIR «Tidlig hjelp til barn i risiko» i 2018 og er no i gang med å implementere dette.

Vi har godt samarbeid med sjukepleiar på Vang Mottakssenter og har til tider mange nye barn som skal følges opp og vaksinasjonsstatus kartlegges.

Vi har eit utstrakt tverrfagleg samarbeid. Mellom anna er vi ein del av Tverrfagleg team som møtes 2 gonger pr år i barnehagane og på skulen. I tillegg samarbeider vi mye med ulike intansar gjennom ansvarsgruppene vi deltar i, i forhold til barn med spesielle behov.

Komande utfordringar

Vi opplever stadig nye utfordringar, spesielt knytt til samfunnets utvikling når det gjelder sosiale medier, mellommenneskelige relasjoner og psykososiale problem. For å handtere dette må vår faglege kompetanse stadig fornyast og vi har stort fokus på det.

10.7.8 Frisklivssentralen

Er ei kommunal helse- og omsorgsteneste med tilbod om hjelp til å endre levevanar. Brukarar av frisklivssentralen får individuell oppfølging med frisklivsrezept over tre månader. Den inneholder rettleiing, motivasjonssamtale og kartlegging av behov, primært innanfor områda fysisk aktivitet, kosthald og tobakk og psykiske plagar. Frisklivsrettleiaren har i 2019 hatt avtale med Vang fysikalsk og treningssentera *Gnist* og *Ryfoss treningssenter* der brukarar har trenar i reseptperioden, mot ein eigenandel.

Frisklivssentralen har i tillegg køyrt styrke - og balanstrening ved Vang fysioterapi to dagar i veka. Frisklivsrettleiaren har arrangert gruppetrening for damer på Ryfoss treningssenter og herretrim for seniorar på VBU, begge under leiing av ein treningskontakt. Ho har også køyrt periodar med trening etter arbeidstid. Frisklivsrettleiaren har arrangert diabeteskurs med eksterne foredragshaldar og sjølv halde *Bra Matkurs*.

Frisklivssentralen har søkt om pengar til ulike prosjekt, ofte saman med folkehelsekoordinator, som etablering av ein Aktivitetspark i Vang sentrum. I 2019 vart det sett opp lys ved parken og eit *søppelhus*, i samarbeid med *Innovasjon* og vaktmeistar. Det inneholder infotavler om bruken av området nedanfor kommunehuset. Frisklivsrettleiar og folkehelsekoordinator samarbeider om oppfølging og at eventuelt vedlikehald vert gjennomført.

Frisklivssentralen er deltakar i *Folkehelseforum i Valdres* med samarbeid om regionale tilbod slik at brukarar kan delta på tvers av kommunegrenser. Det gjeld kurs som «*Bra Mat for betre helse*», røykeslutt og ulike meistringskurs i forhold til psykisk helse.

Andre område er gruppertilbod for born og ungdom, som «*Stølsveko*» i Øystre Slidre, *Aktivitetsveke* på Brennabu om sumaren og kurset *Aktive barn* i Vestre Slidre. I tillegg kan ungdom frå Vang som går på vidaregåande skole, bruke treningstilbod i Nord Aurdal.

Frisklivssentralen i Vang har hatt frisklivsrettleiar i 40 % stilling med tilhald på Vangstunet saman med folkehelsekoordinatoren. Det har vore eit opphold på frisklivssentralen frå september 2019 og ut året etter at frisklivsrettleiar gjennom dei siste seks åra, Linda Holten Riste; gjekk over i ny stilling. Det har ført til redusert aktivitet i perioden. Ny frisklivsrettleiar er tilsett med start i 2020.

11 Landbruk og teknisk

Etatsleiar: Kommunalsjef landbruk og teknisk Elisabeth Harrang

11.1 Etaten sine mål

- Legge til rette for næringsutvikling
- Utvikle gode bumiljø
- Utvikle gode tenestetilbod
- Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar blir oppfylte
- Utføre lovpålagte oppgåver innanfor dei tidsfristar og det skjønn styringssignalene heimlar
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringer og aktuelle tilleggsnæringer i Vang.

11.2 Hovudarbeidsområde

Etaten sine hovudoppgåver er;

- Forvaltning
- Drift bygg og veg
- Drift vatn og avløp

Behandling og forvaltning av arealplanar, vilt- og landbruksforvaltning, byggjesaksbehandling, frådelingssaker, matrikkellarbeid og oppmåling, vatn- og avløpsforvaltning og – drift, tilrettelegging nye bustadfelt, næringsbygg og areal, vedlikehald kommunale bygg, anlegg, vegar og gateleys er oppgåver som etaten har ansvar for.

11.3 Bemanning


12 personar arbeider med forvaltning og drift frå kommunehuset, i alt 11 årsverk


11 personar arbeider i uteseksjonen med bygg og veg, i alt 8,3 årsverk

3 personar arbeider med drift av vatn- og avløp anlegg, i alt 3 årsverk

11.4 Økonomi

		Regnskap	Budsjett	Avvik
400	Teknisk sjef	3464	3675	-211
401	Vaktmeister/reinhold	292	248	44
402	Vassverk	-1858	-1079	-779
403	Kloakkreinseanlegg	-2681	-2136	-545
423	Vangstunet	538	544	-6
430	Vedlikehald bygg/anlegg	9880	8981	899
440	Feiarvesen/brannførebygging	160	150	10
442	Vang brannstasjon	2906	2258	648
450	Landbrukskontoret	2062	2249	-187
470	Vegar og gatelys	1611	1150	461
Sum etat: 4 Landbruk teknisk		16289	16020	269
T O T A L T		-105	-5	-100





Landbruk/teknisk etat hadde eit overforbruk på 270 000 kroner i 2019. Det sjåast på som eit godt resultat. Avviket er på 1,7 % av totalt budsjett.

Det er brukt 900 000 for mykje sett forhold til budsjett til vedlikehald av bygg og anlegg. Dei ulike vedlikehaldsoppgåvene har tidligare vore ført som utgifter på dei respektive etatar, mens dei i 2019 blei ført på Landbruk og teknisk sine ansvar. Det gjeld straum, renovasjon og vedlikehaldsutgifter. Det er årsaken til avviket mellom forbruk og budsjett.

Det er brukt 650 000 for mykje på Vang brannstasjon. Det var satt av 150 000 for å betre kapasiteten på tappevatn til brannvesenet. Samstundes med at det ble gjort tiltak for å betre kapasiteten ble det vurdert som hensiktsmessig å utbetre en vatn- og avløpskum i nærlieken. Kostnadane for dette blei i sin helhet ført på ansvar 442 Vang brannstasjon. Som en kan sjå er det et underforbruk på både ansvar 403 kloakkreinseanlegg og 402 vassverk som fylje av dette.

Overforbruket på 460 000 på veger og gatelys skyldas til store rekningar til vedlikehald av traktor og som ikkje var planlagt, og fjerning av brusviller som det ikkje var bruk for.

11.5 Byggesak

Det vart gitt byggeløyve for 19 nye hytter i 2019 (22 i 2018) og ei rekkehytte med tre leilegheiter.

Det er ikkje søkt om byggjeløyve for nye bustadar i 2019 (6 i 2018).

Det er gjeve byggeløyve for ein ny driftsbygning dette året.

Totalt er det behandla 130 saker inkl. 21 utsleppssaker etter delegert behandling i 2019, og 25 saker er lagt fram for politisk behandling i hovudutvalet.

Delegasjonssakene omfattar tilbygg, ombygging og mindre bygningars, som garasjar og annekts, og utsleppsøknadar. Ein del saker omfattar oppfylging av ulovleg bygging, der fleire har fått gebyr for regelverksbrot.

11.6 Arealplanlegging

Planstrategi

Planstrategien for 2020-2023 er under utarbeiding, og den er planlagt lagt fram for vedtak i kommunestyret i juni 2020. Planstrategien vil gje ei oppsummering av heile planlista til kommunen og prioriterer kva planar som skal reviderast og utarbeidast og når i kommunestyreperioden. I førre periode var næringsutvikling, bustadsituasjonen i kommunen, sentrumsutvikling og vassmiljø, energi og klima prioriterte punkt.

Kommuneplan

Kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel vart vedteke den 18.12.2014, for perioden 2015-2017 (tre føresegner vart revidert den 12.2.2015). Samfunnsdelen set visjonen for Vang med 13 hovudpunkt kommunen skal jobbe aktivt med, arealdelen går nærmere inn på kommunen sine planar for bruk og vern av areal. I arbeidet med planstrategien vil ein vurdere behovet for revisjon av kommuneplanen.

Kommunedelplanar

Kommunedelplan for Tyinkrysset fekk mykje ressursar i 2019, og vart sluttbehandla i kommunestyret i 5. september 2019. Den 24.09.19 vart det stilt krav om lovlegheitskontroll av vedtaket, jf. kommuneloven §59. Dette kravet vil bli følgd opp i 2020.

Revisjon av kommunedelplan for trafikksikring er ikkje starta opp. Det har heller ikkje arbeidet med kommunedelplan for klima og miljø. Kva kommunedelplanar som vil bli prioritert framover vil bli avklart i arbeidet med planstrategien for 2020-2023.

Reguleringsplaner som er vedtekne og under utarbeiding/behandling

I 2019 vart det vedteke to nye reguleringsplanar i Vang; Tyin trafikkareal og endring av reguleringsplan for Eidskroken massedeponi.

Tyin trafikkareal er ei revidering av eksisterande reguleringsplan med mål om å løyse/forbetre trafikksituasjonen på Tyin. Endring av reguleringsplan for Eidskroken massedeponi gjekk ut på at regulert parkeringsplass og rastepllass vert utvida for å også kunne bli nytta av bussar.

I tillegg er fylgjande reguleringsplanar i prosess:

- Raudalen – Haretunet
- Raudalen 93/4 – nytt hyttefelt
- Krøssvølhaugadn
- Nystuen
- Revisjon av E16 Øye Eidsbru (Djupedalen massedeponi)
- Bygdin
- E16: Øylo – Hålimo
- Klukkargrende
- Fjellheim

-
- Bøaflatadn III
 - Kviissýndin Nord

11.7 Frådeling, oppmåling, kartlegging, seksjonering og plassering av bygg

- Det er gjennomført 108 forretningar etter matrikkellova. Ingen av dei var nye tomter.
- Arbeidet med oppdatering av eigedomsgrenser og avklaring av eigartilhøve for eldre vasskraftanlegg er vidareført og held fram i 2020.
- Retting av eigedomsgrense og kommunegrense ved Helindammen er avslutta.
- Dei fleste tomter oppretta før 1980 er ikkje koordinatmålt. Før nye byggetiltak på slike (skylddelte) tomter, må eigar bestille oppmålingsforretning.
- Kommunen matrikkelfører alle grenser vedtekne i Jordskiftesaker. Det gjeld og føring av eigedomsgrenser mot offentleg veg – som E16-parsellane frå Filefjell til Vang. Sakene tek svært mykje tid.
- Det er gjennomført grunnerverv til kommunale tiltak (Øye og Ryfoss).
- Større utbyggingsprosjekt får ofte krevjande eigedomsstruktur, med seksjonering og resekjonering når utbygger endrar planer under vegs. For 2019 gjeld det både Raudalen, Tyin og Filefjell.
- Tilrettelegging av meglarinformasjon (før sal av hus og hytter) er avtalefesta med leveringsfrist på 6 virkedagar.
- Kommunen legg til grunn at Kartverket respekterer skrivemåten av vegnamn vedteke i Vang, men klage frå Kartverket er varsle og vil krevje oppfølging i 2020

Kartleggingsprosjekt går føre seg kontinuerleg, jamfør Geodataplan for Innlandet. Kommunane gjev årleg innspel på regionale møter med alle eigarane av kartdata.

Kommunen forsvarar bruk av dialektnære skriftformer på vegnamn.

Nytt kommunenummer som følgje av fylkessamanslåinga kravde opprettning i ei rekke register og dominerte arbeidet dei to siste månadane av 2019.

Vang kommune er arbeidsgjevar for GIS-konsulenten i Valdres. Han driftar felles kartsystem for Valdres (VGIS) og bidreg med opplæring, tenester, graderer opp systema for alle kommunane. Funksjonen er vesentleg for å oppretthalde nødvendig servicenivå.

11.8 Bustadtiltak og vedlikehald

Ledige bustadtomter i kommunale felt:

- Tyinkrysset 2
- Høgeset 4
- Lundsmarka 0
- Nordigarden 0
- Bøaflata 1
- Åsvang 2
- Ryfoss 1
- Steinræet 6

Kommunen starta opparbeiding av nye bustadtomter i Ryfoss i 2019.

Det vart tilsett skuleungdomar som sommarvikarar.

11.9 Brann- og feiarvesen

Alle Valdreskommunane unntake Nord Aurdal, er medeigar i eit felles brann-, rednings- og feiarvesen, organisert som eit IKS samarbeid. For årsmelding brann og feiarvesen sjå eige melding frå VBR IKS.

11.10 Landbruk

Tal pr. 1.3.2019, tal for 2018 i parentes

Bruk med mjølkekyr:	32	(32)	Mjølkekyr:	533	(514)
Bruk med andre storfe:	43	(43)	Storfe/ammekyr:	1155	(1277)
Bruk med sau:	39	(40)	Vinterfora sau:	2818	(2967)
Bruk med mjølkegeiter:	4	(4)	Mjølkegeiter:	537	(451)
Bruk med pelsdyr:	4	(4)	Pelsdyrtisper:	474	(454)

- Ingen statleg kvote var å få kjøpt i 2019. Ingen selte mjøkekvote i 2019
- Avløsing i husdyrbruket vart administrert av Vang avløysarlag.
- Det vart gjeve statsstøtte til ein driftsbygning i Vang i 2019. Kommunalt tilskot vart gjeve til utbetring eit fjøs.
- 3 reiskapshus fekk kommunal støtte. Det vart utbetalta tilskot til eit miljøtiltak – ny gjødselsilo.
- Det har ikkje vore betalt ut kommunalt tilskot til nydyrkning eller grøfting.
- I ordninga Spesielle miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap (SMIL-ordninga), var det 4 søknader frå Vang i 2019. Av desse gjaldt alle rydding av gamal kulturmark.

-
- Landbrukskontoret arrangerte i ein kursserie «Betre agronomi», i samarbeid med dei andre Valdres-kommunane og Regionrådet for Valdres. Den gjekk føre seg over 3 kveldar.

11.11 Skogoppsynet

Skogoppsynet har kontroll-, forvaltings- og rådgjevingsansvar. I 2019 vart det avverka 2232 m³ tømmer (2214 m³ i 2018) med ein bruttoverdi på 762 858 kr (744 083 kr i 2018).

Kommunen har i, i samarbeid med Vestre Slidre og skulen, arrangert skogdag for 5. klasse. Tema var om skogen og det blei gjennomført naturstig og andre aktivitetar.

I 2019 arrangerte kommunen kurs i hogstteknikk og bruk av motorsag. Her deltok 6 ungdomar som kommunen dekte deler av kursavgifta for, med bruk av rentemidlar. Dersom ein gardbrukar skal ha tilsette til å drive i skogen, er det eit krav frå Arbeidstilsynet at desse skal ha utført kurs i hogstteknikk og bruk av motorsag.

11.12 Viltforvaltning

- Hjorteviltforvaltninga blir teke hand om av Vang driftsplanlag for hjortevilt. Kommunen godkjente ny bestandsplan for perioden 2018-2021.
- I 2019 vart det felt 47 elgar av ei kvote på 62 og 56 hjortar av ei kvote på 108. Avskytinga i 2017 var 48 elg og 46 hjort.
- I samband med utbrot av skrantesjuke på villrein i Norfjella, er jegerane i Vang kommune pålagt å ta hjerne- og lymfeprøve og av alle felte hjortevilt over 2,5 år i 2019. Det vart ikkje påvist smitte av skrantesjuke her i Vang.
- For utrykking ved viltpåkørsler og anna skade har kommunen avtale med ei ettersøksgruppe på 3 personar. Desse rykkjer ut på kort varsel ved melding til politi eller vakt- sentralen.
- I 2019 er det rapportert inn 13 ettersøk enten ved påkørslar eller andre årsakar. Av desse var det 9 som enten vart avliva eller døydd på plassen, 6 elg, 2 hjort og eit rådyr. 4 dyr vart ikkje funne.

11.13 Reindrift

Vang har to tamreinlag, Filefjell og Fram, med ca. 6 000 vinterdyr til saman. Filefjell har sumarbeite i Filefjellområdet og vinterbeite ved Vassfaret. Fram held til aust for Tyin om

sumaren og i Gausdal vestfjell om vinteren. Lom og Vågå tamreinlag leiger beite nord for Bygdin. Det vil seia at så mange som 14000-14500 rein beiter om sumaren i fjella i Vang kommune. Desse 3 reinlaga slaktar omtrent 6000 rein, som utgjer 175-185 tonn med reinskjøtt kvart år.

11.14 Rovdyr

I 2019 vart det ikkje søkt om løyve til skadefelling av noko rovvilt. Samla tap vart 379 av 7811 slepte sau/lam (4,8 %) som er normaltap litt høgare enn på landsbasis. Enkelte besetningar har hatt store tap. Noko av tapet skuldast laushund, særleg i Herredalen. 16 kadaver vart funne og 1 kadaver kunne dokumenterast at det vart hund som var årsak til skade.

Statens naturoppsyn (SNO) ved rovviltnormaltakane har ansvaret for å dokumentere tap av beitedyr grunna rovvilt, og skal varslast så fort som råd i slike tilfelle.

Det kommunale fellingslaga i Vang , Vestre Slidre og Nord-Aurdal har hatt felles kurs og skyteøvingar i eige regi i 2019, for å auke kompetansen i for dei kommunale fellingslaga.

Det kommunale fellingslaget i Vang har også hatt 3 samlingar med skytetrenings og gjennomgang av beredskapsplan for akutte tiltak mot rovviltskade.

Rovviltutvalet er samansett av beitelaga, tamreinlaga, fellingslaget for rovvilt og ordførar som leiar. Utvalet har møter 2 gonger i året, der beredskapsplan og sesongen er tema.

I 2013 vart det innført skotpremie. I 2019 vart det utbetalt kr 69 490 i premie og det vart felt:

Kråke	Ravn	Skjære	Røyskatt	Mink	Mår	Rev
176	4	71	1	0	0	140

11.15 Kommunale vegar

Arbeidet med skilting av vegar var i hovudsak ferdig i bygda. I 2019 vart det berre utført naudsynt vedlikehald av dei kommunale vegane. Det vart gjennomført litt rydding av skog på nokre vegstrekningar. Det er planer om ei opprusting av vegen i Lundsmarka bustadfelt i 2020 med noko masseutskifting og ny asfalt.

11.16 Vatn og avløp (VA)

I samband med utviding av Ryfoss bustadfelt (Føsseli) skal det byggast nytt vassverk. Arbeidet starta i 2019, Kroon maskin er hovudentreprenør, medan Vang bygg er underentreprenør på bygget. Sterner AS skal levere og montere prosessanlegget.

Arbeidet med nye Tyinkrysset vassverk heldt fram i 2019, bygningsarbeida vart nesten ferdige ved utgangen av året. Reinseanlegget på Tyinkrysset vart midlertidig satt ut av drift grunna vasskade i starten av 2019. Skaden vart utbedra og anlegget er tilbake i drift, men det står igjen nokre utbetringar.

Arbeidet med rammeplan VA for Vang sentrum starta i 2019. Rammeplanen skal vise løysing for vatn og avløp for alle i Vang frå Synshagen til Vang Autoservice.

Dekningsgrad vatn 99%, fondsbeholdning pr 31.12.2019 var 4 808 877 kr
Dekningsgrad avløp 69%, fondsbeholdning pr 31.12.2019 var 6 597 067 kr

Som forureiningsmynde har kommunen ansvar for oppfølging av private avløpsanlegg. På grunn av bemanningssituasjonen er ikkje dette arbeidet vorte prioritert. Arbeidet kan gebyrfinansierast.

11.17 Kommuneskogen

Kommunen har fire skogteigar:

- Brekken
- Øvre Brekkebakkadn
- Torpe
- Veflen

Arealet er 902 da, fordelt på ca. 21 da med høg bonitet, ca. 456 dekar med middels bonitet og ca. 425 da med låg bonitet. I tillegg ca. 37 da anna areal.

Hjorteviltjakta i desse teigane blir leigt ut til nabojaktfelt eller inngår i organisert viltlag.

11.18 Planer framover i etaten

Byggjesaker

Det kan tyde på at hyttebygginga vil halde seg på eit noko lågare nivå enn dei siste åra også i 2020, slik det var i 2019.

Bygging av nytt vassverk i Tyinkrysset, som blir sett i drift i 2020, og revidert kommunedelplan for området, håpar ein vil gje ein ny oppsving i utbygging på Tyinkrysset i løpet av få år.

Det er framleis att ca. 650 ledige og godkjende hyttetomter i regulerte felt i Vang. Tenlelia har att mange ledige tomter. Elles er det att mange ubygde tomter i Haugastøl og Solsteinslie i Vang heimlier, på Tyinkrysset og ein del i øvre Gudbrandslie. Også på Tyinholmen, Målnes og Reikesteinodden er det mange ledige tomter. I dei to sistnemnde felta er det stilt krav til godkjent va-plan før vidare utbygging. I Raudalen er eitt felt fullt utbygd (ca. 30 hytter) i løpet av få år av same utbyggar: Det er her nødvendig med nye arealplaner før vidare utbygging. Planarbeid for eitt nytt felt er i gang.

Det kommunale bustadfeltet på Åsvang har att nokre få ledige byggeklare tomter, og fleire tomter kan gjerast byggeklare ved å legge meir va-leidningsnett (kloakkpumpeleidning). Samstundes må og infiltrasjonsanlegget forbetrastrast for å hindre luktplager.

Utbygging av infrastruktur i fyrste etappe av det nye bustadfeltet i Ryfoss (utviding av eksisterande) er godt i gang. Det er rekna med at det vil bli tildelt fleire tomter her i 2020. Det er berre att *ei* tomt i det eksisterande bustadfeltet i Ryfoss.

Byggefeltet på Bøaflato har att ei tomt. Det er att 6 tomter i Steinræet bustadfelt.

Det ser ut som det er aukande interesse for bygging av bustadar på spreidde, private tomter, og det vil mest truleg koma fleire søknadar om godkjenning av slike framover. I kommuneplanen sin arealdel er det sett av fleire område i kommunen til dette føremålet. Det private bustadfeltet på Hensåsen har att nokre byggeklare tomter.

Det bør ikkje vera mangel på tomter som hindrar at den positive trenden med bygging av nye bustader held fram slik som dei siste åra, sjølv om det ikkje vart bygt nye bustadar i fjar.

Når det gjeld spreidde avløpsanlegg for både bustadar og hytter, så er det eit område som burde ha fått meir fokus. Det burde ha vore gjort ein grundig jobb med kartlegging og kontroll av eksisterande anlegg i heile kommunen og laga planar/pålegg for opprusting av desse og for kva for framtidige anlegg som kan godkjennast. Det vil føresetja at forureiningssituasjonen i vassdrag må kartleggast. Situasjonen for ein del vassdrag er det ei viss oversikt over, gjennom det arbeidet som har vore gjort i prosjektet Vannområdet Valdres.

VKR har utført ein visuell kontroll av slamavskillere ved dei rutinemessige tömmingane av anlegga. På grunnlag av dette har det vore gjeve ein del pålegg om opprusting av slamavskillere, men sjølve infiltrasjonsdelen og eventuelt forureining, har det ikkje vore gjort tilsyn med. Det må setjast av eigne midlar til eit slikt prosjekt. Det er ikkje kapasitet til å gjera slike tilsyn, som må gjerast sumartid, med eksisterande bemanning.

Frå 2020 skal kommunane overta ansvaret for å halde á jour registeret over alle private avløpsanlegg. VKR har hatt det tidlegare.

Tilsynsoppgåver i bygesaker håpar ein å få sett av noko meir tid til no etter at bemanninga ved avdelinga er auka.

Det er no 1,8 stillingsheimel som arbeider med bygesaker, frådelingsaker og utsleppssøknadar for mindre, spreidde avløpsanlegg.

Kart og oppmåling

Kvalitetsheving av matrikkelen vil halde fram i 2020. Om nye felt vert rekvirert oppmålt, blir dei prioritert.

Det er eit vel fungerande interkommunalt samarbeid på kartsektoren, som gjev stor meirverdi for alle kommunane i Valdres. Data teknisk drift av kartsystema innanfor «IKT-Valdres» er framleis krevjande.

Måling av egedomsgrenser er kommunal forvaltningsoppgåve. Autorisasjonskrav til landmålar er venta utforma i løpet av 2020, med iverksetjing frå 2022.

Kommunane i Valdres vil ta i bruk hjelpeverktøyet «mobil oppmåling» i 2020. Meir av protokollskriving og dokumentasjon vil skje i felt.

Planarbeid

I fyrste del av 2020 vil planavdelinga utarbeide planstrategien for 2020 – 2023 som vil gje føringar for kva planar ein skal prioritere denne kommunestyreperioden. Kommunedelplan på Tyinkrysset krev framleis ressursar i samband med kravet om lovlegheitskontroll, elles er det fleire private reguleringsplanar i prosess.

Bustadttiltak og byggjeprosjekt

Vedlikehald av kommunale bygg blir registrert og gjennomført etter prioriteringar og til-gjengelege ressursar.

Frå 2019 vart vaktmeistertenesta slått saman og sorterer no under Landbruk og teknisk etat, som då også fekk ansvaret for drift og vedlikehald av alle kommunale bygg. Alt er ikkje heilt på plass ennå, men ein reknar med at det med tida går seg til.

For kommunehuset er det peika på behov for utskifting av vindauge og betra ventilasjon. Glasskifting er starta opp og gjerast ferdig innan summaren. Saman med installering av nytt ventilasjonsanlegg, med balansert ventilasjon og varmegjenvinning, vil dette vere eit godt energiøkonomiseringstiltak.

Radonmålingar viser tre gonger høgare verdiar enn strålevernforskrifta si grense for tiltak i delar kjellaren på kommunehuset. Det vil bli vurdert behov for tiltak i 2020.

Det er behov for ny heis på kommunehuset, den gamle tilfredsstiller ikkje dagens krav. Det er satt i gang prosjektering. Dette fortsett i 2020 med håp om byggestart sumaren 2020..

Landbrukskontoret

Landbrukskontoret vil i 2020 arrangere ulike fag- dagar/kveldar og -turar i samarbeid med faglaga, landbrukskontora i Valdres, Norsk Landbruksrådgjeving og Fylkesmannen.

I samarbeid med dei andre Valdreskommunane og landbruksfaglaga vil landbrukskontoret halda fram med å ha fokus på dyrehald, dyrevelferd og forureiningssaker i 2020.

Kommunen har fått tildelt kr 255 000 i tilskott i eit 3-årig prosjekt om vidareføring av vegetasjonskartlegging for heile kommunen.

Kommunale vegar

Vedlikehald blir gjennomført etter behov og tilgjengelege ressursar. Det blir stadig viktigare å få rydda nok skog til å oppretthalde sikt og framkome for større køyretøy.

Vatn og avløp

Bygging av nye Tyinkrysset vassverk fortsett i 2020 og er noko forsinka som fylje av ein mindre brann i anlegget. I samband med utbygging skal heile driftskontrollanlegget graderast opp, og det arbeidet sluttførast i 2020.

Arbeidet med Føsselie bustadfelt og nytt vassverk i Ryfoss held fram i 2020 og er venta sluttført i løpet av året.

Reinseanlegget på Åsvang er bygd opp av ein slamavskiljar, lecafILTER og våtmarksfilter. Ei utbetring av anlegget bør inkludere utskifting av lecafILTERet då desse har avgrensa levetid.

12 Vedlegg – hovedoversikter

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap
	2019	2019	2019	2018
Driftsinntekter				
Brukertilbetalinger	6 706 164	6 022 000	5 971 000	6 395 559
Andre salgs- og leieinntekter	19 476 019	18 276 000	19 248 000	21 098 318
Overføringer med krav til motytelse	29 211 389	24 426 000	23 443 000	26 761 862
Rammetilskudd	68 851 266	69 083 000	68 572 000	67 042 904
Andre statlige overføringer	12 401 285	12 352 000	12 221 000	15 280 346
Andre overføringer	10 224 519	9 526 000	8 726 000	9 144 632
Skatt på inntekt og formue	43 242 290	41 900 000	41 610 000	40 823 759
Eiendomsskatt	5 829 277	6 000 000	6 000 000	5 963 395
Andre direkte og indirekte skatter	29 937 857	30 600 000	30 500 000	27 689 539
Sum driftsinntekter	225 880 066	218 185 000	216 291 000	220 200 313
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	116 097 246	121 342 000	120 572 000	118 130 871
Sosiale utgifter	21 673 551	23 057 000	22 622 000	22 201 216
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	32 702 841	29 008 000	28 895 500	29 331 880
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	28 966 724	29 380 000	28 983 000	30 028 510
Overføringer	14 242 334	13 842 351	12 459 000	14 523 972
Avskrivninger	16 265 081	16 262 000	16 210 000	16 214 350
Fordelte utgifter	-17 831	-395 000	-230 000	-402 108
Sum driftsutgifter	229 929 946	232 496 351	229 511 500	230 028 691
Brutto driftsresultat	-4 049 880	-14 311 351	-13 220 500	-9 828 378
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	6 526 704	6 503 000	6 017 000	6 518 640
Gevinst på finan(omløpsmidler)	-	-	-	166 602
Sum eksterne finansinntekter	6 526 704	6 503 000	6 017 000	6 685 242
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	3 480 231	3 000 000	2 200 000	2 888 880
Avdrag på lån	5 801 068	5 810 000	6 200 000	6 093 068
Sum eksterne finansutgifter	9 281 299	8 810 000	8 400 000	8 981 948
Resultat eksterne finantransaksjoner	-2 754 595	-2 307 000	-2 383 000	-2 296 706
Motpost avskrivninger	16 265 081	16 262 000	16 210 000	16 214 350
Netto driftsresultat	9 460 607	-356 351	606 500	4 089 266
Interne finantransaksjoner				
Bruk av disposisjonsfond	2 043 503	-	515 500	4 031 531
Bruk av bundne fond	18 691 860	25 084 351	24 239 000	17 412 805
Sum bruk av avsetninger	20 735 363	25 084 351	24 754 500	21 444 336
Avtak til disposisjonsfond	5 376 669	-	-	2 827 835
Avtak til bundne fond	24 819 301	24 728 000	25 361 000	22 705 767
Sum avsetninger	30 195 970	24 728 000	25 361 000	25 533 602
Rekneskapsmessig mer/mindreforbruk	-	-	-	-

Økonomisk oversikt - investering	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap
	2019	2019	2019	2018
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	62 080	-	-	1 802 948
Andre salgsinntekter	116 144	-	-	41 000
Overføringer med krav til motytelse	690 912	1 694 000	1 694 000	5 053 000
Kompensasjon for merverdiavgift	1 917 611	-	-	987 788
Andre overføringer	3 192 000	3 000 000	3 000 000	6 518 667
Renteinntekter og utbytte	-	-	-	106
Sum inntekter	5 978 747	4 694 000	4 694 000	14 403 510
Utgifter				
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	23 855 487	56 587 644	47 355 000	10 129 697
Overføringer	1 917 611	-	-	987 788
Renteutgifter og omkostninger	-3 327	-	-	81 127
Sum utgifter	25 769 771	56 587 644	47 355 000	11 198 612
Finansieringstransaksjoner				
Avdrag på lån	297 862	-	-	292 599
Utlån	-	500 000	500 000	4 700 550
Kjøp av aksjer og andeler	649 362	725 000	725 000	1 786 614
Avsatt til bundne investeringsfond	232 439	-	-	120 036
Sum finansieringstransaksjoner	1 179 663	1 225 000	1 225 000	6 899 799
Finansieringsbehov	20 970 687	53 118 644	43 886 000	3 694 901
Dekket slik:				
Bruk av lån	11 687 521	52 393 644	43 161 000	700 550
Salg av aksjer og andeler	-	-	-	597 015
Mottatte avdrag på utlån	540 301	-	-	5 536 742
Bruk av tidligere års udisponert	3 139 405	-	-	-
Bruk av bundne driftsfond	639 362	725 000	725 000	-
Sum finansiering	16 006 589	53 118 644	43 886 000	6 834 307
Udekket/udisponert	-4 964 097	-	-	3 139 405

Økonomisk oversikt - bevilgninger	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap
	2019	2019	2019	2018
Anskaffelse og anvendelse av midler				
Anskaffelse av midler				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	225 880 066	218 185 000	216 291 000	220 200 313
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	5 978 747	4 694 000	4 694 000	14 403 403
Innbetalinger ved eksterne finanstrans	18 754 526	58 896 644	49 178 000	13 519 655
Sum anskaffelse av midler	250 613 340	281 775 644	270 163 000	248 123 372
Anvendelse av midler				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	213 664 865	216 234 351	213 301 500	213 814 341
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	25 773 098	56 587 644	47 355 000	11 117 485
Utbetaling ved eksterne finanstrans	10 225 196	10 035 000	9 625 000	15 842 838
Sum anvendelse av midler	249 663 159	282 856 995	270 281 500	240 774 664
Anskaffelse - anvendelse av midler	950 181	-1 081 351	-118 500	7 348 707
Endring i ubrukte lånemidler	-11 187 521	-	-	-700 550
Endring i arbeidskapital	-10 237 340	-1 081 351	-118 500	6 648 157
Avsetninger og bruk av avsetninger				
Avsetninger	30 428 409	24 728 000	25 361 000	28 793 044
Bruk av avsetninger	24 514 131	25 809 351	25 479 500	21 444 336
Til avsetning senere år	4 964 097	-	-	-
Netto avsetninger	950 181	-1 081 351	-118 500	7 348 707
Int. overføringer og fordelinger				
Interne inntekter mv	16 282 912	16 657 000	16 440 000	16 616 458
Interne utgifter mv	16 282 912	16 657 000	16 440 000	16 616 458
Netto interne overføringer	-	-	-	-

BALANSE PR 31.DESEMBER	2 019	2 018
EIENDELER		
Anleggsmidler	758 643 022	738 812 525
<i>Herav:</i>		
<i>Faste eiendommer og anlegg</i>	<i>442 267 744</i>	<i>432 400 279</i>
<i>Utstyr, maskiner og transportmidler</i>	<i>7 364 639</i>	<i>7 937 309</i>
<i>Utlån</i>	<i>17 026 114</i>	<i>17 566 415</i>
<i>Aksjer og andeler</i>	<i>12 431 127</i>	<i>11 781 765</i>
<i>Pensjonsmidler</i>	<i>279 553 398</i>	<i>269 126 756</i>
Omløpsmidler	137 062 601	142 804 445
<i>Herav:</i>		
<i>Kortsiktige fordringer</i>	<i>47 960 735</i>	<i>25 874 154</i>
<i>Premieavvik</i>	<i>13 309 546</i>	<i>9 976 380</i>
<i>Kasse, postgiro, bankinnskudd</i>	<i>75 792 320</i>	<i>106 953 911</i>
SUM EIENDELER	895 705 623	881 616 970
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	381 419 319	377 916 304
<i>Herav:</i>		
<i>Dispositionsfond</i>	<i>25 837 768</i>	<i>22 504 602</i>
<i>Bundne driftsfond</i>	<i>76 233 767</i>	<i>70 750 519</i>
<i>Bundne investeringsfond</i>	<i>1 195 194</i>	<i>962 755</i>
<i>Udisponert i inv.Rekneskap</i>	<i>-</i>	<i>3 139 405</i>
<i>Udekket i inv.Rekneskap</i>	<i>-4 964 097</i>	<i>-</i>
<i>Kapitalkonto</i>	<i>280 368 912</i>	<i>277 811 248</i>
<i>Endr i prinsipp som påvirker AK (drift)</i>	<i>2 747 776</i>	<i>2 747 776</i>
Langsiktig gjeld	478 777 604	472 692 292
<i>Herav:</i>		
<i>Pensjonsforpliktelser</i>	<i>318 336 406</i>	<i>306 652 164</i>
<i>Ihendehaverobligasjonslån</i>	<i>-</i>	<i>-</i>
<i>Sertifikatlån</i>	<i>10 000 000</i>	<i>10 000 000</i>
<i>Andre lån</i>	<i>150 441 198</i>	<i>156 040 128</i>
<i>Kortsiktig gjeld</i>	<i>35 508 700</i>	<i>31 008 374</i>
<i>Herav:</i>		
<i>Annen kortsiktig gjeld</i>	<i>35 508 700</i>	<i>31 008 374</i>
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	895 705 623	881 616 970
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	503 494	11 691 015
<i>Herav:</i>		
<i>Ubrukte lånemidler</i>	<i>503 494</i>	<i>11 691 015</i>
<i>Motkonto for memoriakontiene</i>	<i>-503 494</i>	<i>-11 691 015</i>

Årsrekneskap pr etat		Rekneskap 2019	Buds(end) 2019	Rekneskap 2018
Etat: 1 Rådmannskontoret				
10 Løn og sosiale utgifter	5 093 296	8 083 000	6 879 021	
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	2 899 527	3 419 500	3 306 401	
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	4 898 482	5 634 000	5 339 543	
14 Overføringsutgifter	7 090 864	7 021 786	7 643 270	
15 Finansutgifter	55 601 194	49 764 000	50 295 442	
Sum utgifter	75 583 364	73 922 286	73 463 677	
16 Salsinntekter	-409 669	-627 000	-725 266	
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-1 103 503	-1 158 000	-713 955	
18 Overføringsinntekter (utan krav til motyting)	-160 862 052	-160 083 000	-153 156 546	
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-41 327 297	-47 251 786	-42 899 669	
Sum inntekter	-203 702 521	-209 119 786	-197 495 437	
Sum etat: 1 Rådmannskontoret	-128 119 158	-135 197 500	-124 031 760	
Etat: 2 Skule og kultur				
10 Løn og sosiale utgifter	52 614 549	53 996 000	53 364 369	
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	7 512 458	7 103 500	8 995 652	
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	1 412 851	1 445 000	1 448 261	
14 Overføringsutgifter	2 314 224	2 057 565	2 098 514	
15 Finansutgifter	33 725	26 000	99 282	
Sum utgifter	63 887 807	64 628 065	66 006 078	
16 Salsinntekter	-3 017 642	-3 001 000	-3 031 572	
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-9 451 401	-7 842 000	-8 386 408	
18 Overføringsinntekter (utan krav til motyting)	-8 785 843	-8 688 000	-11 882 690	
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-191 082	-16 565	-28 834	
Sum inntekter	-21 445 967	-19 547 565	-23 329 505	
Sum etat: 2 Skule og kultur	42 441 839	45 080 500	42 676 573	
Etat: 3 Helse og omsorg				
10 Løn og sosiale utgifter	65 088 564	67 041 000	67 452 903	
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	8 920 727	8 082 000	9 011 338	
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	14 253 506	14 602 000	14 069 238	
14 Overføringsutgifter	1 195 296	1 590 000	1 587 169	
15 Finansutgifter	29 550	10 000	22 717	
Sum utgifter	89 487 644	91 325 000	92 143 365	
16 Salsinntekter	-6 382 197	-6 057 000	-6 292 054	
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-12 790 054	-10 477 000	-12 423 845	
18 Overføringsinntekter (utan krav til motyting)	-787 599	-690 000	-785 339	
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-147 692	-4 000	-980 747	
Sum inntekter	-20 107 542	-17 228 000	-20 481 985	
Sum etat: 3 Helse og omsorg	69 380 102	74 097 000	71 661 380	

Årsrekneskap pr etat	Rekneskap	Buds(end)	Rekneskap
	2019	2019	2018
Etat: 4 Landbruk teknisk			
10 Løn og sosiale utgifter	14 040 566	14 299 000	11 683 327
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	14 303 950	11 383 000	8 970 956
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	8 401 886	7 699 000	9 171 468
14 Overføringsutgifter	3 641 950	3 173 000	3 195 019
15 Finansutgifter	77 881	-	312 460
Sum utgifter	40 466 232	36 554 000	33 333 230
16 Salsinntekter	-16 390 506	-15 008 000	-17 847 092
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-5 866 432	-4 949 000	-5 237 653
18 Overføringsinntekter (utan krav til motyting)	-51 000	-	-120 000
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-1 861 078	-577 000	-434 678
Sum inntekter	-24 169 016	-20 534 000	-23 639 423
Sum etat: 4 Landbruk teknisk	16 297 216	16 020 000	9 693 807
TOTALT	-	-	-

Årsrekneskap pr funksjon		Rekneskap 2019	Buds(end) 2019	Rekneskap 2018
100	Politisk styring	2 456 944	2 529 000	2 238 657
110	Kontroll/revisjon	449 720	374 000	383 661
120	Administrasjon	12 495 190	11 938 500	12 109 111
121	Forvalting bygg/eigedom	181 500	197 000	167 265
130	Administrasjonslokale	1 327 559	319 000	1 296 846
180	Fellesutgifter	31 144	42 000	29 582
190	Interne serviceeininger	-	8 444 000	-
Politiske og administrative organ		16 942 057	23 843 500	16 225 122
201	Barnehage	10 812 642	10 795 000	9 578 865
202	Grunnskule	23 163 730	23 872 000	22 121 841
211	Styrka barnehagetilbod	-163 480	207 000	148 490
213	Vaksenopplæring	593 198	1 129 500	1 137 500
215	Skulefritidstilbod	345 302	298 000	248 289
221	Barnehagelokale/skyss	2 471 910	1 537 000	2 160 405
222	Skulelokale	10 608 237	8 325 000	9 558 351
223	Skuleskyss	1 707 731	1 396 000	1 368 521
231	Aktivitetstilbod barn/unge	447 512	478 000	425 430
232	Helsestasjon/skulehelseteneste	2 355 248	2 601 000	2 355 102
Opplæring og Integrering		52 342 030	50 638 500	49 102 794
233	Anna førebyggjande helsearbeid	620 746	725 000	690 340
234	Aktivisering/servicetenester eldre/funksjonshemma	2 501 611	2 816 000	3 173 450
241	Diagnose/behandling/re-/habilitering	9 511 322	9 491 000	8 841 018
242	Råd/rettleiing/sosialt førebyggjande arbeid	1 209 935	1 125 000	809 899
243	Tilbod til personar med rusproblem	57 466	176 000	172 872
244	Barnevernteneste	1 565 103	1 888 000	1 491 843
251	Barnevern-når barnet ikkje er plassert av barnevernet	402 172	449 000	520 816
252	Barnevern når barnet er plassert av barnevernet	4 470 925	4 055 500	6 188 381
253	Helse- og omsorgstenester i institusjon	23 521 282	27 112 000	25 276 914
254	Helse- og omsorgstenester til heimebuande	26 309 715	25 751 000	25 790 736
256	Øyeblikkeleg hjelp døgnopp hold	325 195	-	312 456
261	Institusjonslokale	6 710 711	5 258 000	6 310 174
265	Bustader	431 546	-970 000	548 548
273	Arbeidsretta tiltak	661 969	848 786	555 445
275	Introduksjonsordninga	1 830 507	3 457 500	3 159 505
276	Kvalifiseringsordninga	92 997	452 000	-
281	Økonomisk sosialhjelp	1 533 111	1 413 000	1 624 756
283	Bistand til eigen bustad	-68 229	-60 000	198 438
285	Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	242 982	261 000	245 971
Helse og Omsorg		81 931 066	84 248 786	85 911 562

Årsrekneskap pr funksjon		Rekneskap 2019	Buds(end) 2019	Rekneskap 2018
301	Plansaksbehandling	1 052 293	2 001 000	1 601 402
302	Byggjesaksbehandling og eigarseksjonering	353 370	307 000	118 829
303	Kart og oppmåling	666 963	645 000	357 869
315	Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak	15 509	157 000	236 547
320	Kommunal næringsverksemd	-2 361 382	-11 000	-8 648
321	Konsejsjonskraft, kraftrettar og anna kraft for vidaresal	-11 667 595	-13 772 000	-13 392 287
325	Næringsutvikling	3 403 491	3 331 000	3 948 630
329	Landbruksforvalting	2 142 379	2 375 000	2 384 899
330	Samferdsleverksemder/transporttiltak	-	5 000	5 021
332	Kommunale vegar	2 467 320	1 639 000	2 001 404
335	Rekreasjon i tettstad	107 839	108 000	107 839
338	Førebygging brann/ulykker	233 580	183 000	300 416
339	Beredskap mot brann/ulykker	3 012 425	2 461 000	2 529 816
340	Produksjon av vatn	2 013 332	2 029 000	1 889 980
345	Distribusjon av vatn	-2 005 604	-1 202 000	-1 820 202
350	Avløpsreinsing	4 049 824	3 242 000	2 969 329
353	Avløpsnett/innsamling avløpsvatn	-4 532 140	-2 965 000	-3 134 007
355	Hushaldsavfall	4 843	-	140 199
360	Naturforvalting/friluftsliv	484 197	653 565	540 250
Tekniske og Landbruk		-559 356	1 186 565	777 286
370	Bibliotek	2 237 950	2 286 000	2 075 088
373	Kino	38 882	32 000	41 138
375	Museum/samlingar/kulturvern	108 550	72 000	80 050
377	Kunstformidling	52 329	137 000	87 067
380	Idrett	198 842	214 000	159 535
381	Idrettsbygg/-anlegg	104 552	-	8 458
383	Kulturskule	1 365 814	1 334 000	1 291 604
385	Andre kulturaktivitetar	2 146 910	2 149 000	1 245 024
386	Kulturbrygg	1 560 918	510 000	2 189 699
390	Den norske kyrkja	2 770 503	2 758 000	3 053 769
392	Andre religiøse føremål	59 920	60 000	-
393	Kyrkjegardar	19 329	18 000	18 399
Kultur		10 664 499	9 570 000	10 249 831
800	Skatt inntekt/formue	-55 628 034	-54 300 000	-53 191 143
840	Rammetilskot/generelle statstilskot	-68 851 266	-69 083 000	-67 042 904
850	Statstilskot flyktningar mv.	-11 184 361	-11 362 000	-14 283 159
Frie inntekter		-135 663 661	-134 745 000	-134 517 206
860	Motpost avskrivningar	-16 265 081	-16 262 000	-16 214 350
870	Renter/utbyte/lån	6 304 592	6 065 000	6 049 408
880	Interne finansieringstransaksjonar	-15 696 144	-24 545 351	-17 584 448
TOTALT		-	-	-